

A photograph of a white lighthouse with a red roof, situated on a rocky island. The lighthouse is positioned on the right side of the frame. The foreground is dominated by dark, jagged rocks with patches of dry grass. A small pool of water is visible in the lower-left foreground. The background shows a calm sea extending to the horizon under a sky filled with soft, white and grey clouds, illuminated by the warm light of a setting or rising sun. The overall mood is serene and historical.

Giske kommune
– Historisk og framtidsretta –
Årsrapport 2023



Greitt å vite


Befolkning




Innbyggjarar i
Giske kommune

8 358

Kommunen sin økonomi



Netto driftsresultat av
brutto driftsinntekter



Netto driftsresultat

Arbeid og utdanning

Antall tilsette / Antall årsverk



Menn
Årsverk



Kvinner
Årsverk



Gjennomsnittlig
stillingsbrøk for tilsette



Sjukefråvær

Kilde: Statistikkpakken frå KS sitt pai-register

Barn og utdanning

Tal på
skulelevar
Tal på barn i SFO
Full plass

barn i barnehagar fordelt på



Kommunale barnehagar



Private barnehagar

Brann og utrykking



Pleie og omsorg



**Antall brukarar innan
pleie og omsorgstenester**

Sjå meir her: www.ssb.no/kommunefakta/giske

› Kommunedirektøren har ordet



Behov for omstilling og samhandling

I skrivande stund har eg vore tilsett i Giske kommune i om lag 10 månader, og møtet med Giske-samfunnet har vore fantastisk.

Her har eg møtt fagleg dyktige kollegaer, engasjerte innbygarar og eit politisk miljø som ønskjer positiv samhandling.

Det er alltid litt spennande for administrasjonen når eit nytt kommunestyre skal veljast og ein får ny arbeidsgjevar, men det viste seg raskt at det nye kommunestyret ville vere ein trygg arbeidsgjevar som er ute etter å skape gode relasjonar mellom politikk og administrasjon. Dette set vi stor pris på.

Takk til dei politiske representantane som ikkje vart med vidare i politikken, de skal vere stolte av den dugnaden de har gjort for lokalsamfunnet.

Giske kommune har vore gjennom krevjande år, med pandemi og ekstraordinære utfordringar for å hjelpe menneske på flukt frå krig og konflikt i Europa. Dette har satt oss på prøve, men eg kan med stoltheit seie at både tilsette i administrasjonen og innbygarane i Giske har utført ein stor innsats med denne utfordringa. Vi må likevel erkjenne at dette har medført slitasje på dei tilsette, og det har nok også vore ekstra krevjande for barn og unge i denne perioden.

Då er det godt å sjå den tydelege retninga politkarane har gitt administrasjonen i forhold til å tenkje førebygging, tidleg innsats og hindre utanforskap. Dette vil samfunnet ha stor nytte av i tida som kjem.

Når det gjeld økonomien har ekstraordinære inntekter dei tre siste åra gjort at ein har klart å sette litt pengar på bok. Disposisjonsfondet er no på om lag 47 million kroner. Dette kjem godt med i endå tøffare tider, for omstilling av drifta må halde fram for å balansere ordinært nivå på inntekter og forventa utgifter.

Demografien tilseier at vi om ikkje mange år vil måtte dreie endå meir av utgiftene til eldreomsorg og pleie. Talet på eldre over 80 år vil auke med om lag 85% dei neste 15 åra. Då må vi organisere tenestene slik at vi klarer å møte denne utfordringa samstundes som vi ikkje «slepp taket» på dei yngste innbyggjarane. Vi må nok vere villige til å diskutere strukturendringar innan dei fleste tenesteområde. Med andre ord samle tenestetilboda på færre lokalitetar enn det vi har i dag. I så måte er Giske kommune i ein god posisjon ettersom det er korte avstandar internt i kommunen.

Avslutningsvis vil eg også nemne at administrasjonen har teke grep for å verte flinkare på å samhandle og koordinere oss internt, slik at innbyggjarane skal oppleve betre flyt i møtet med kommunen sine tenester. Vi har derfor etablert ei ny eining som vi har kalla Samhandling og koordinering, med oppstart 01. juni 2024.

Med ønskje om fortsatt godt samarbeid!



› Utvikling og mål i planperioden

Overordna mål

Dei overordna måla til Giske kommune blir gitt i kommuneplanen sin samfunnsdel. Det vert arbeidd etter [Samfunnsplanen for åra 2023 - 2033](#). Den legg til grunn at Giske skal vere ein samspelkommune. I samspelkommunen legg ein at eige ansvar, frivillig innsats og profesjonelle tenester spelar på lag på nye og kreative måtar. Dette er viktig i dag og i framtida, og særleg når vi ser korleis demografien i kommunen vil utvikle seg i same periode.

Tre satsingsområde

med retningsmål: **slik vil vi ha det** og strategiar: **slik vil vi gjere det** peikar på dei områda som skal ha ekstra merksemd og ressursar i planperioden:

- **Giske som bukommune** – ein god plass å leve heile livet

Gode levekår gjennom heile livsløpet

- **Giske som næringskommune** – eit framtidsretta næringsliv

Aktiv medspelar overfor eksisterande næringsliv samt legge til rette for etablering av nye berekraftige verksemdar og næringar

- **Giske som samspelkommune** – Giske på lag med Sunnmøre – betre saman

Godt samspel mellom det offentlege, private, frivillige organisasjonar og ålesundsregionen

Arealstrategien skal medverke til at måla i samfunnsdelen blir nådd gjennom arealpolitikken.

Forutsetningane for å lukkast omhandlar sentrale rammevilkår og korleis organisasjonen er rusta for at kommunen skal lukkast med satsingsområda.

Basert på satsingsområda i samfunnsplanen har kommunen i 2023 arbeidd med følgande hovedområde:

- implementere FN sine berekraftsmål i prosessen med kommuneplanen sin arealdel og i organisasjonen
- med fylkeskommunale midlar vedtatt å starte tettstadutvikling av kommunesenter Valderhaugstrand med Skaret
- med midlar frå landbruksdepartementet lagt opp til å utarbeide jordvernstrategi parallellt i prosessen med kommuneplanen sin arealdel
- samarbeid med private og offentlege instansar for å etablere innfartsparkering i kollektivknutepunkt Ytterland
- utvikle Nasjonal fiskerihavn på Gjosundneset i tråd med berekraftsmåla

- halde ved like og utvikle samarbeidet med nabokommunane på plan- og driftssida
- vidare satsing på digitalisering og auka bruk av teknologi i tenesteytinga - gevinstrealisering
- auka bruk av sjølvbetente løysingar og automatiserte tenester
- vidare fokus på tverrfagleg samarbeid i og mellom fagområde - koordinerte tenester
- vidare gjennomgang av organisering og tenestenivå for å sikre at dette er tilpassa den økonomiske situasjonen kommunen er i
- vurdere yttarlegare strukturendringar
- vidareføre samarbeidet med NAV i form av prosjektet "Ressursar finn kvarandre"
- vidare organisasjonsutvikling gjennom:
 - implementering av prosjektet "Omstilling av fellesfunksjonar i Giske kommune".
Ny organisering og arbeidsfordeling mellom stab og linje skal iverksetjast
 - intensivering av innsats for å sikre rett kompetanse i alle tenesteområde
 - styrka fokus på arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær
 - styrka leiarkompetanse
 - styrka fokus på internkontroll og kvalitetsarbeid



› Overordna mål og satsingar

1 Giske som bukommune - ein god plass å leve heile livet

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
3 God helse og livskvalitet	Giske kommune har unik og flott natur på sjøen, i strandsona og på fjellet som innbygarane kan nytte.	<ul style="list-style-type: none"> Verne om naturen sin eigenverdi, samt berekraftig forvaltning av den. 	Kommunen har innført vurdering av FN sine berekraftsmål i saksbehandlingsmalen.
6 Reint vatn og gode sanitærforhold		<ul style="list-style-type: none"> Utvikle kompetanse og ansvarskjenne for berekraftig bruk av havrommet til friluftaktivitet. 	
11 Berekraftige byar og lokalsamfunn		<ul style="list-style-type: none"> Fortsette med merking og utbetring av eksisterande stiar og turvegar. Universelt utforma stiar skal vektast. 	I samarbeid med frivillige lag og organisasjonar er utbetring av eksisterande stiar igangsatt.
12 Ansvarlig forbruk og produksjon		<ul style="list-style-type: none"> Trygge Alnesvatnet som drikkevasskjelde og nedbørsfeltet rundt. 	Trygge Alnesvatnet som drikkevasskjelde og nedbørsfeltet rundt er med i høyringa til planprogrammet for arealdelen. (planprogram vedteke i.k.sak 9/24, 15.2.24)
14 Livet i havet		<ul style="list-style-type: none"> Betre informasjon om friluftsområda, parkering og merking, samt verneområda i samarbeid med statsforvaltaren. 	
15 Livet på land		<ul style="list-style-type: none"> Legge til rette for gode nærleikeplassar/møteplassar og grønne lungar på land og ved sjø. Utvikle eigarskap og ta sterkare styring i planarbeidet. Overvake slitasje på naturen og styre tilgangen med tilrettelegging og informasjon. Stimulere til berekraftig viltforvaltning. 	Ansvar for overordna plan er lagt rett under kommunedirektør.
FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
3 God helse og livskvalitet	Giske kommune har gode og innovative tenester mellom anna gjennom bruk av digitale verkøy og velferdsteknologi.	<ul style="list-style-type: none"> Prioritere før-førebyggande tiltak, aktivitet og fellesskap, god helse og kommune 3.0; 	Fokus og arbeid knytt til betre samhandling og koordinering, ei dør inn. Omsorgstenestene har fokus på å dreie innsatsen til lavere trinn i innsatstrappa. Heimebaserte tenester.
11 Berekraftige byar og lokalsamfunn	Innbygarane skal meiste eigne liv så lenge som moegeleg.	<ul style="list-style-type: none"> Samskaping med innbygarane og opne for involvering i tenesteutvikling. 	
17 Samarbeid for å nå måla		<ul style="list-style-type: none"> Tidleg innsats og tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid. Vi bestemmer saman, "Kva skal vi få til i fellesskap i dag". Utvikle gode lovpålagte tenester. 	

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
		<ul style="list-style-type: none"> · Kommunen vil vere leiande i å ta i bruk digitale verktøy innan helse og omsorg. · Omsorgsbustadar, demens og aldersvenlege bustadar skal byggjast i sentrum. · Legge til rette for aldersvenleg stadutvikling, - rullatoravstand. · Legge til rette for at det vert etablert nye buformer som sikrar at eldre kan bu lenger heime på alle øyane. Nye bustadar bør byggast slik at dei har ein komplett hovudetasje som ein kan leve i lengst mogleg. · Opne for samarbeid med private aktørar og andre aktørar som kan bidra til å realisere kommunen sine mål. 	<p>Velferdsteknologiske løysingar er tatt i bruk</p> <p>Berekraftig tettstadutvikling Valderhaugstrand, med fylkeskommunale midlar kr. 400.000, blir starta opp i 2024.</p>
FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
17 Samatbeid for å nå måla	Giske kommune har den beste Frivilligsentralen	<ul style="list-style-type: none"> · Involvering kommune 3.O., vidareutvikle inn i kommunale tenester. · Stimulere pensjonistar til å bidra meir. · Målrette seniorpolitikken for å oppmuntre til deling av kunnskap og kompetanse. 	<p>Auka trend blant pensjonistar om å bidra i frivillig arbeid., Både i arbeid som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon, men også oppgåver som erstattar kommunal tenesteproduksjon.</p> <p>Kurs i samarbeid mellom pensjonistlag og frivilligsentral.</p>
FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
9 Industri, innovasjon og infrastruktur	Attraktiv bukommune, arealmessig arealmessig kompakt – kort veg til alt	<ul style="list-style-type: none"> · Forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid. 	<p>Samfunnsikkerheit blir ivaretatt i planlegginga</p> <p>Berekraftig tettstadutvikling Valderhaugstrand, med fylkeskommunale midlar kr. 400.000, blir starta opp i 2024.</p>
10 Mindre ulikheit		<ul style="list-style-type: none"> · Utvikle og styrke sentrum og delsentra i kommunen. 	<p>Oppstart planprogram for kommuneplanen sin arealdel, folkemøter, høyring og offentleg ettersyn.</p>
11 Berekraftige byar og lokalsamfunn		<ul style="list-style-type: none"> · Regulere og byggje bustadfelt med god nok kvalitet. · Arbeide for ein inkluderande oppvekstsektor med likeverdige tenester. · Samordne skule, barnehage, helse og idrett i kommunesenter Valderhaugstrand. · Auke antalet livløpstilpassa sentrumsnære leiligheter, bufellesskap og andre småhus innafor 10 min. gåavstand. · Legge opp til lavterskel aktivitetstilbod for alle. · Vi vil legge opp til god informasjon til/med innbyggjarane. · Gjennom arealplanlegginga legge til rette for formelle og uformelle møteplassar og på tvers av ulike aldersgrupper. · Slutføre områdeplan for handelssenter Sætra/Gjøysund med framtidig hovukryssløysing i dialog med vegeigarane. · Delta aktivt i utviklinga av trafikknutepunkt Ytterland. · Starte områdeplanlegging for delsentra Roald i 2023. · Vurdere løysingar for kollektiv, sykkel og gange ved alle byggesøknadar. · Bruke ungdomsråda som høyringspart i aktuelle plansaker 	<p>Aktiv ferie arrangert</p> <p>I prosess</p> <p>Samfunnsplanen tatt opp i ungdomsråd</p>
FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst	Nærheit til Ålesund med arbeidsmarknad, handel og kulturtilbod	<ul style="list-style-type: none"> · Arbeide for betre kollektivløysingar med buss og båt. 	<p>Arbeid med å legge til rette for betre kollektivløysingar med buss og båt, samt innfartsparkering med sykkelparkering på Ytterland pågåar kontinuerlig.</p>
11 Berekraftige byar og lokalsamfunn		<ul style="list-style-type: none"> · Arbeide for å utvikle Ytterland med moderne innfartsparkering og sykkelhotell, samt sykkelparkering ved Valderhaugstrand hurtigbåtkai. 	
17 Samatbeid for å nå måla			

2 Giske som næringskommune – eit framtidretta næringsliv

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
9 Industri, innovasjon og infrastruktur	Giske kommune er ei aktiv fiskerikommune innan fangst og foredling.	<ul style="list-style-type: none"> · Samarbeide med næringslivet om å nytte teknologikompetanse i regionen til å utvikle nye moglegheiter lokalt og globalt. 	<p>Hovudplan vatn- og avløp er vedteken</p> <p>Marine grunnkart tatt i bruk</p> <p>Arbeid med kommuneplanen sin arealdel er starta.</p>
14 Livet i havet	Havrom med stort potensiale.	<ul style="list-style-type: none"> · Medverke til å oppgradere infrastruktur og omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar og meir utstrekkt bruk av reine og miljøvennlige teknologiformer og industriprosessar. 	
15 Livet på land		<ul style="list-style-type: none"> · Delta i regionalt plansamarbeid for arealplan i sjø i Ålesundregionen. 	
17 Samarbeid for å nå måla		<ul style="list-style-type: none"> · Ta i bruk marine grunnkart for kunnskapsbasert arealplanlegging. · Få på plass handlingsdelen i kommunedelplan for naturmangfald. · Verne viktige naturtypar mot inngrep. · Hindre og i vesentleg grad redusere alle former for havforureining, særleg frå landbasert verksemd, inkludert marin forsøpling og utsløpp av næringssalt. · Lage tiltaksplan for plast og marin forsøpling. · Søke å lokalisere alle planlagte inngrep i sjø der det gjer minst skade på miljøet. · Sjå samanhangen mellom bruk av land og sjø i kommuneplanarbeid. 	
FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
2 Utrydde svolt	Giske kommune er ei framtidretta og viktig landbrukskommune.	<ul style="list-style-type: none"> · Styrke jordvernet og støtte opp om FNs berekraftsmål nr. 2 Utrydde svolt, - om å redusere jordtapet og produsere mat på den jorda vi har. 	<p>Giske kommune har etter søknad motteke kr100 000 frå landbruksdepartementet til jordvernsstrategi</p> <p>Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er under arbeid</p>
11 Berekraftige byar og lokalsamfunn		<ul style="list-style-type: none"> · Lokal matproduksjon skal inngå som ein vesentleg del av beredskapsarbeidet. 	
12 Ansvarlig forbruk og produksjon		<ul style="list-style-type: none"> · Stimulere til fortsatt drift og for utvikling i landbruksnæringa, og for å gjje dei unge som ønsker seg inn i næringa støtte til det. 	
15 Livet på land		<ul style="list-style-type: none"> · Stimulere til økt matproduksjon i tråd med nasjonalt mål om å auke sjølvforsyningsgraden i Norge til 50%. · Ta vår del av ambisjonen av minstemål i Landbruksmeldinga i Møre og Romsdal om å halde omdisponert dyrkaareal under 200 daa i året. · Oppretthalde og om mogeleg auke beitinga for å halde kulturlandskapa i hevd. · Tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem. · Vurdere å omregulere ueigna og usentralt bustadareal til LNF-område. · Legge til rette i arealplanlegginga for kolonihagar på inneklemt jordbruksareal. · Revidere landbruksplanen frå 2009. 	
FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
17 Samarbeid for å nå måla	Giske kommune har eit anerkjent eventmiljø og eit verdskjend studio. Kommunen er ein attraktiv kunstnar- kommune.	<ul style="list-style-type: none"> · I samarbeid med lokale kunstnarar etablere felles lokalitetar for samhandling/nettverk og utstillingar. · Støtte opp om og tilrettelegge for vidareutvikling av Kulturæringssklynga Øygardshamna på Giske. · Styrke Giske kommune sin identitet og sitt omdømme gjennom aktiv formidling av informasjon og kunnskap om kommunen som arbeidsstad, bustad, kultur- og reisemål. · Sette av areal for bubilparkering. · Samarbeide med regionen for å utvikle turisme. 	<p>Kommunen bidrar aktivt med å stille til rådighet rimelege lokale til kunstnarar i 1909-bygget på Valderøya. Der er det både utstillingar, konsertar og andre opne arrangement.</p> <p>Arealplanen er i prosess</p> <p>Avtale med destinasjon Ålesund og Sunnmøre</p>
FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
9 Industri, innovasjon og infrastruktur	Giske kommune har regionens største næringsareal med tilknytning til hamn midt i skipsleia.	<ul style="list-style-type: none"> · Utvikle Gjøvsundneset industriområde som nasjonal fiskerihamn til eit moderne og attraktivt næringsområde for etablering av nye verksemder innan fiskeri, havbruk og annan relevant industri. Utviklinga skal skje i tråd med berekraftsmåla med vekt på innovasjon og framtidige energiberarar. 	Gjøvsund hamn vart ferdig mudra i 2023. Arbeidet held fram med vidareutvikling av fiskerihamna og tilliggande næringsområde. Ein prosjektleiar er tilsett som jobbar spesielt med dette.
12 Ansvarlig forbruk og produksjon		<ul style="list-style-type: none"> · Opparbeide industritomter for utleie, sal og fellesfunksjonar. 	
17 Samarbeid for å nå måla		<ul style="list-style-type: none"> · Fremje tettare samarbeid mellom næringsområda på alle øyane for å fremje synergieffektar. · Utvikle berekraftig næringsliv og arbeide for få gods over på kjøll. · Legge til rette for eit mangfald av arbeidsplassar saman med næringslivet og tiltrekke seg nye næringsaktørar. · Sikre solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon. · Forvalte kommunen sitt 300 dekar store industriområde i tråd med formuesbevaringsprinsippet i kommunelova. 	

3 Giske som samspelkommune - Giske på lag med Sunnmøre - betre saman

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
17 Samarbeid for å nå måla	Sentral i regionen med flyplass og inngangsport til Sunnmøre	<ul style="list-style-type: none"> · Giske kommune samarbeider med regionen på områda beredskap, politi, brann, havn og infrastruktur m.m. · På plansida har vi samarbeid på plan for areal, klima og transport PAKT, sjøarealplan og marine grunnkart. Vi vil vidareutvikle dette samarbeidet i regionen både politisk og administrativt. · Arbeide saman med regionen for å redusere personbiltrafikken og auke trafikktrygginga på riksveg 658 mellom Ålesund og flyplassen. 	<p>I prosess</p> <p>I prosess. Ny interkommunal veteranplan under arbeid</p> <p>KVU utgreiing i prosess</p>
FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2023
17 Samarbeid for å nå måla	Naturleg del av ein stor regional arbeidsmarknad	<ul style="list-style-type: none"> · Samarbeide med private og offentlege instansar om å utvikle Ytterland trafikknutepunkt med busstasjon, innfartsparkering og sykkelhotell. · Stå på for eit bedre kollektivtilbod eksternt og internt. · Etablere kollektivpunkt på handelsenter Sætra og delsenter Roald. · Dele og vidareutvikle kompetanse i regionen. · Synleggjere Giske kommune som ein attraktiv kompetansearbeidsplass. 	<p>Prosess for å utvikle innfartsparkering i arbeid</p> <p>I prosess i arealplanarbeidet</p>

› Oppfølging av kommunen sin planstrategi og tidlegare vedtekne planar

Kommunale planar - oversikt med status og planlagt prioritering

Tenesteområde/plan	Type	Vedtatt	2022	2023	Stipulert kostnad
Sentraladministrasjonen:					
Kommuneplanens samfunnsdel 2023-2033	KP	2014		Ny	-
Kommuneplanens arealdel 2018-2030	KP	2018		Rull	-
Kommunedelplan naturmangfold - handlingsdelen	KD	2018		Rull Ny	-
Økonomiplan 2022-2025	KP	2022	Årleg rullering	Rull	-
Digitalisering og omstilling	TP	2016			-
Stab:					
Strategisk næringsplan 2016-2025	KD	2016		Rull	-
Beredskapsplan	TP	2019	Rull	Rull	-
Oppvekst:					
Kompetanseutvikling for grunnskulen	TP	2019	Rull	Rull	-
Kompetanseutvikling for barnehagen 2014-2017	TP	2015		Rull	-
Barnehageplan 2008-2011	TP	2008			-
Kvalitetsplan for oppvekst 2022-2026	TP	2022		Rull	-
IKT plan - pedagogisk bruk	TP	2020			-
Helse, sosial og omsorg:					
Helse- og omsorgsplan 2021-2025	TP	2021			-
Strategi helse og omsorg 2050	TP	2022	Ny		-
Alkoholpolitisk handlingsplan	TP				-
Kompetanse og rekrutteringsplan 2019-2022	TP	2019			-
Pandemiplan 2020-2024	F	2020			-
Smittevernplan 2020	F	2020			-
Teknisk:					
*Kommunedelplan avløp	KD	2012			-
Hovudplan vatn og avløp	KD		Ny		-
**Klima- og energiplan	TP	2010			-
Kommunedelplan trafikktrygging	KD	2012		Ny	250.000
Områdeplan for Roald (delsenter)	O			Ny	500.000
***Områdeplan Sætra og Gjøvsund	O			Ny	50.000
Miljø og kultur:					
Kulturplan 2016-2026	TP	2016			-
Museums-/kulturminneplan	TP		Ny		-
Plan for friluftslivets ferdsselsårer	TP			Ny	-
Landbruk:					
Landbruksplan	TP	2009			-
Interkommunale planar:					
Plan for areal, klima og transport i Ålesundsregionen (PAKT)	R		Ny		-
Interkommunal sjøarealplan for Sula, Giske og Ålesund (oppstart 2022)			Ny		-
* Integrerast som del av ny hovudplan for vatn og avtløp 2022					

Tenesteområde/plan	Type	Vedtatt	2022	2023	Stipulert kostnad
<p>** Klima- og energiplanen vert av resursmessige grunnar ikkje fullført i denne planperioden. Planen skal integrerast i kommuneplanen sin samfunns- og arealdel.</p> <p>*** Planarbeidet stoppa opp på grunn av uavklart framtidig hovudkryssløysing.</p>					

KP: Kommuneplan, KD: Kommunedelplan, TP: Temaplan, I: Interkommunal plan, R : Regional plan, O: Områdeplan, F: Fagplan



› Kvalitet, internkontroll og beredskap

Kommunelovas § 25-1 stiller krav til kommunedirektøren si oppfølging av internkontrollen. Fokus på kvalitet, internkontroll og beredskap er styrka dei siste åra. Stillinga som seniorrådgivar kvalitet og beredskap har 1 årsverk.

Hovudoppgåver innafor kvalitet og internkontroll har i 2023 vore:

- oppbygging av kommunen sitt heilskapelege kvalitetssystem; Compilo:
 - implementering av Årshjuls-modulen for å:
 - sikre at kompetanse og rutiaer blir overført ved nyttilsettingar og fråvær
 - sikre internkontroll
 - redusere tidsbruk
 - utprøving av sjekklister for å dokumentere internkontrollen
- opplæring og implementering av Compilo:
 - auke generell bruk av Compilo. Har auka frå ca 1100 påloggingar i 2020, til ca 10100 i 2021, ca 12300 i 2022 og ca 13000 i 2023.
 - auke melding av avvik: Har auka frå ca 700 i 2021, ca 1000 i 2022 og 1080 i 2023.
 - auke bruken av dokumentmodulen. Har auka frå ca 2700 leste dokument i 2020, til ca 16000 i 2021, ca 17100 i 2022 og 27000 i 2023.
 - tilbod om gjentakande arbeidsmøte/ opplæring i alle modular
 - lage brukarrettleiingar om Compilo
- planlegging, gjennomføring og etterarbeid etter leiinga sin gjennomgang
- samarbeid med personvernombod i IKA Møre og Romsdal:
 - fornying av databehandlaravtalar
 - handtering av personvernavvik
 - innsynskrav
- opplæring av tilsette i informasjonssikkerheit og personvern med KS Læring
- revisjon av "Mål og strategi for arbeid med kvalitet og internkontroll i Giske kommune 2021-2024" etter Leiinga sin gjennomgang
- lean "Pleie og omsorg - I takt med framtida"

Hovudoppgåvene innafor beredskap har i 2023 vore:

- handtering av flyktningssituasjonen som følgje av krigen i Ukraina
- to andre kortvarige krisehandteringar
- samarbeid med omkringliggande kommuner, statsforvaltar, politi m.fl.
- revisjon av beredskapsplan
- revisjon av heilskapleg ROS-analyse
- øvingar for Beredskapsleiinga, EPS-gruppa og kriseteamet
- oppbygging og implementering av nytt krisehandteringsverktøy; RAYVN
- starta arbeidet med å lage planar for bortfall av digitale tenester i alle einingane

Giske kommune er ein lærande organisasjon der alle tilsette saman arbeider med å utvikle kapasitet til å levere tenestene i tråd med kommunen sitt verdigrunnlag; respekt, løysingsvilje, engasjement og kvalitet.



› Etikk

Med hjarte for Giske

Giske kommune har sett etikk i system. Dei etiske retningslinjene gjeld for tilsette og politikarar. Retningslinjene vert gjennomgått årleg i leiarsamlingar, i arbeidsfellesskapet og i rettleiing av tilsette. Etikk er på agendaen i opplæring for nye leiarar, og i alle tilsettingsprosessar. I 2023 har refleksjon over etiske dilemma vore på saklista i kommunedirektøren sitt leiarforum, og i dei regelmessige møta mellom kommunedirektør og tillitsvalde.

Både verdidokumentet og dei etiske retningslinjene er rettesnor i møte med innbyggjarane, samarbeidspartnarar, og mellom dei tilsette. Dei skal hjelpe oss til å nytte hjartet i beslutningane våre, og i korleis vi opptrer.

Giske kommune har blant anna gjennom rutiner og prosedyrer fokus på antikorrupsjonsarbeid. Økonomirutiner har fokus på delt ansvar i bestilling, fakturahandtering, begrensing i beløpsgrenser ved godkjenning.

› Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premiss for bruk av beviljingane

Innleiing og føresetnader for økonomiplanen 2023 - 2026

Drift

Utgangspunktet for arbeidet med handlings- og økonomiplanen for 2023 - 2026 var å utarbeide konsekvensjustert budsjett for 2023 for kva det vil koste å drive kommunen sitt tenestetilbod med den standarden og det volumet som er etablert, og med full årseffekt av endringar og sparetiltak som vart sett i gong i løpet av 2022.

For å få eit budsjett i balanse, vart det i tillegg utarbeidd tiltak. Ein del av dei vedtekne tiltaka viste seg å ikkje vere gjennomførbare, andre kom så seint i gang at det ikkje vart ønska effekt i 2023. Det vart gjennom heile 2023 lagt fram saker og rapportar for formannskap og kommunestyret som viser statusen og effekten av tiltaka. Tiltaket "Leanprosessar og endring i turnus" vart starta i 2022. Tiltaket er vidareført og utvida i 2023 i eit nytt tiltak - "Pleie og omsorgstenester i takt med framtida", og effektane av tiltaket vil først kome frå 2023 og framover.

Lønsauke for 2023 vart lagt inn i budsjettet med 2,45 prosent, noko som tilsvarer ein heilårsvekst på 4,2 prosent. Lønsveksten vart 5,2 prosent - ein auke på 1 prosent i høve budsjettet.

Ved budsjetteringa vart det lagt til ein auke på 8,5 mill.kr i skatteinntekter ut over KS sin prognosemodell. Skatteinngangen vart kr 6 575 653 lågare enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Rammetilskotet vart kr 15 632 118 høgare enn budsjettert. Av dette utgjer auke i inntektsutjamning 9,6 mill.kr. Rammetilskotet har auka som følge av nysalderingar. Aukene i rammetilskotet kjem b.l.a. av kompensasjon som følge av høg løns- og prisvekst samt gratis SFO 2. trinn.

Det har vore 4 budsjettendringar i løpet av året der anslaget for rammetilskot har vorte auka med ca 6 mill.kr. I tillegg har budsjettet blir styrka med 10,6 mill.kr gjennom bruk av disposisjonsfond.

Auka rentenivå og høgare innskot enn forutsett då budsjettet vart lagt, har medført at renteinntektene vart 4,9 mill.kr høgare enn budsjettert. Saman med svært god avkastning på midlar til forvaltning, har dette betra resultatet med 13 mill.kr.

Investering

Detaljert oversyn over avvik per prosjekt ligg i [del 3, Investeringar - oversikt over prosjekt](#).

Prosjekt 5857 Mudring Gjøvsundet var ein premiss som har medført endringar i høve investeringsbudsjettet. Målsettinga for området - *nasjonal fiskerihamn* - er politisk avklart i gjeldande reguleringsplan for området. Giske kommune lukkast i 2018, etter mange års politisk og administrativt arbeid, å få mudring/utdjuving av Gjøvsundet inn på nasjonal transportplan (NTP) for 2024 – 2029. Løyvinga i NTP er på 105 mill. + mva. I september 2019 vart det inngått avtale med Samferdselsdepartementet om forskottering av arbeidet.

Kommunen har gjennomført mudring av havna på vegne av Kystverket, og prosjektet vart fullført i 2023. På grunn av usikkerheit om når kommunen kunne få utbetalt løyvinga på 105 mill.kr frå Kystverket, vart utbetalinga ikkje budsjettert. Utbetalinga kom 28.12.23. Tilskotet er bokført i investeringsrekneskapet og medførte eit mindreforbruk i investeringsrekneskapet slik at stryktningsbestemmelsane i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv § 4 - 6 måtte følgast, og b.l.a. det budsjetterte låneopptaket på kr 98 475 000 måtte strykast. Dette har gitt kommunen eit ubunde investeringsfond på kr 52 512 579 i tillegg til auke i ubrukte lånemidlar på kr 52 487 421.



› Organisasjon

TILSETTE

I alt 615 personar var tilsett i Giske kommune ved utgangen av 2023. Av desse er 495 kvinner (411 årsverk) og 120 menn (106 årsverk). Dei 615 tilsette er fordelt på 517 årsverk.

Tilsette fordelt på sektor og kjønn

Kjelde: KS PAI-register

	2020			2021			2022			2023		
	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Totalt	508	119	627	523	111	634	510	113	623	495	120	615
Sentraladministrasjon	17	4	21	19	3	22	20	3	23	22	3	25
Oppvekst	220	50	270	211	43	253	219	44	263	221	44	265
Helse/sosial	251	37	288	272	37	309	262	44	306	241	46	287
Kultur	3	3	6	2	3	5	2	3	5	3	3	6
Teknisk	10	20	30	8	19	27	7	19	26	8	24	32
Anna	7	5	12	11	6	18						

Lærlingar

Giske kommune hadde også i 2023 eit godt samarbeid med Sunnmøre kommunale opplæringskontor. Det har vore 6 lærlingar fordelt på faga helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar og institusjonskokk. Det var er eit ønskje å auke talet på lærlingar, men på grunn av svært stram økonomi er det ikkje gjort.

Sjukefråvær

Giske kommune får kvart år fråværsopplysningar frå Statistisk sentralbyrå. Her får vi ikkje informasjon om fråværet for heile året, og legemeldt fråvær for 3. kvartal 2022 var 6,6 % , mot 6,7 % i fjor.

Sjukefråværet for 4. kvartal (2022 og 2023: 3. kvartal) fordelt på sektor - Giske kommune (Kjelde: SSB)

Næring	2018	2019	2020	2021	2022 - Q3	2023 - Q3
Alle næringer	7,0	6,5	6,5	7,3	6,6	6,7

Næring	2018	2019	2020	2021	2022 - Q3	2023 - Q3
Offentlig administrasjon mv.	6,6	5,7	6,6	3,3	8,1	2,1
Off. adm., undervisning, helsetj. samt pleie og omsorg	6,7	6,7	6,2	7,1	6,6	6,4
Undervisning	6,4	8,0	3,9	7,1	6,5	5,5
Grunnskoleundervisning	6,9	8,3	4,0	7,1	6,2	4,8
Helsetjenester	6,1	3,0	6,1	8,1	7,1	9,2
Pleie og omsorgstjenester i institusjon	3,9	5,0	3,0	6,8	5,9	7,1
Andre omsorgsinstitusjoner samt bofellesskap	7,7	7,9	8,7	7,9	7,5	8,4
Sosiale omsorgstj. uten botilbud, ekskl. barnehager	4,4	4,8	9,1	10,3	2,7	8,2
Barnehager	8,6	7,1	5,4	3,7	4,3	1,4
Barnevernstjenester	1,4	2,5	7,9	13,3	4,7	20,7
Kommunale sosialkontortjenester		18,9				5,2

Tal for sjukmelde i 4. kvartal 2022 var ikkje tilgjengeleg i SSB-statistikken då tabellen vart lagt inn i årsmeldinga. Tala for 2023 er difor henta frå 3. kvartal.

Heiltid

Mest mogleg heile stillingar er viktig for kontinuitet, stabilitet og samla kompetanse. Det betyr mykje for arbeidsmiljø, likestilling og kvaliteten på tenestetilbodet.

Talet på heiltidstilsette har auka siste åra, og det er bra! Det har imidlertid vore ein nedgang i heiltidstilsettingar samanlikna med 2022. I 2023 arbeidde 51 % av alle tilsette i Giske kommune heiltid. I helse/pleie/omsorg var det 32 % som arbeidde heiltid, mot 33 % i 2022. I undervisning var andelen 65 % mot 67 % i 2022. I barnehage var det 46 % heiltidstilsette, mot 52 % i 2022.

73 % av alle tilsette arbeider i 75 % stilling, eller meir. I 2022 var andelen 75 %.

Gjennomsnittleg stillingsbrøk i Giske kommune var 81 % mot 82 % i 2022 og 79% i 2021.

Likestilling

Kjønnsbalansen i Giske kommune er 80 % kvinner og 20 % menn. Fordeling mellom kvinner og menn i oppvekst er 83 % kvinner og 17 % menn, i helse/pleie /omsorg er fordelinga 84 % kvinner og 16 % menn. Lønsutvikling kvinner og menn kjem fram av tabellen under.

Av 21 leiarar i kommunedirektøren sitt leiarforum var 4 menn og 17 kvinner. Kvinnene si snittløn var kr 914 220,- og mennene si snittløn var kr 896 712,-. Kommunedirektør og 3 kommunalsjefar er ikkje med her.

Omsyn til likestillingslovgivinga sine krav er nedfelt i arbeidsgivarpolitiske dokument som lønspolitisk plan, prosedyre for rekruttering, handtering av mobbing og trakassering o.l. og tydeleg belyst i all leiaropplæring. Det underrepresenterte kjønn vert oppfordra til å søkje ledige stillingar, - Giske kommune er som alle andre kommuner sterkt kvinnedominert. Tiltrettelegging for seniorar og tilsette med funksjonsnedsettelse er tema i medarbeidar- og oppfølgingssamtaler. I helse og omsorgstenesta er uønska deltid kartlagt, og resultatet har vore eit nyttig utgangspunkt i arbeidet med å redusere uønska deltid.

Lønsutvikling kvinner og menn

	Årsløn 2018	Årsløn 2019	Årsløn 2020	Årsløn 2021	Årsløn 2022	Årsløn 2023
Kvinner	472 740	491 940	529 008	552 216	572 304	611 346
Menn	486 660	503 892	525 024	552 300	575 688	619 824

Heiltid og deltid i Giske kommune (oppgitt i %) - fordelt på sektor

		2020	2021	2022	2023
Alle	Deltid	56	52	48	49
	Heiltid	44	48	52	51
Administrasjon	Deltid	57	55	49	44
	Heiltid	43	45	51	56

		2020	2021	2022	2023
Undervisning	Deltid	46	38	33	35
	Heiltid	54	62	67	65
Barnehagar	Deltid	56	52	47	54
	Heiltid	44	48	53	46
Helse/pleie/omsorg	Deltid	73	70	67	68
	Heiltid	27	30	33	32
Samferdsel og teknikk	Deltid	50	20	19	10
	Heiltid	50	80	81	90

Tilsette fordelt på stillingsstorleik per tilsett

Stillingsstorleik per tilsett	Kjønn	2020		2021		2022		2023	
		Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	42	6,7	46	7,3	44	6,8	40	6,3
	Kvinner	35	6,9	36	6,9	35	6,7	30	5,9
	Menn	7	5,9	10	9,0	9	7,4	10	8,0
25 - 49,9%	Kvinner og menn	47	7,5	39	6,2	36	5,6	45	7,1
	Kvinner	39	7,7	30	5,7	29	5,6	38	7,5
	Menn	8	6,7	9	8,1	7	5,8	7	5,6
50 - 74,9%	Kvinner og menn	101	16,1	96	15,1	81	12,6	87	13,7
	Kvinner	84	16,5	90	17,2	70	13,4	78	15,3
	Menn	17	14,3	6	5,4	11	9,1	9	7,2
75 - 99,9%	Kvinner og menn	160	25,5	152	24,0	150	23,3	138	21,7
	Kvinner	150	29,5	140	26,8	137	26,2	124	24,3
	Menn	10	8,4	12	10,8	13	10,7	14	11,2
100%	Kvinner og menn	277	44,2	301	47,5	332	51,6	325	51,2
	Kvinner	200	39,4	227	43,4	251	48,1	240	47,1
	Menn	77	64,7	74	66,7	81	66,9	85	68,0

Rekruttering

Giske kommune har som dei alle fleste kommuner store utfordringar når det gjeld å rekruttere helsepersonell, dette gjeld i særleg grad sjukepleiarar og vernepleiarar, men ein ser også auka utfordring i å rekruttere nok fagarbeidarar. Det er også vanskeleg å få tilsett tilstrekkeleg kvalifiserte personar i ledige undervisningsstillingar, - det er for mange ufaglærte i oppvekstsektoren. I teknisk sektor er heller ikkje søkjarlistene lange, men der er kvalifiserte søkjarar.

Innan oppvekstsektoren er det ikkje innført ekstra rekrutteringstiltak i særleg grad. For pleie og omsorgstenestene er fleire rekrutteringstiltak sett i verk for å betre på situasjonen. Det er nytta stipendordning for sjukepleiarar og vernepleiarar, det er etablert dagstillingar innan sjukepleie, og det er gjort ein god jobb i å endre arbeidsfordelinga til sjukepleiarar, fagarbeidarar og assistentar slik at sjukepleiarar får brukt kompetansen sin hovudsakleg til reine sjukepleiefaglege oppgåver. Det er vidare innført ordning med kjøkkenvert, og alle omsorgsdistrikt har, i samarbeid med NAV, personar på arbeidspraksis. Løn godt over tariff er også brukt som eit rekrutteringstiltak.



› MÅL

Giske kommune skal ha ein berekraftig kommunal økonomi

MÅL	Det skal vere økonomisk balanse i drifta kvart år i planperioden	Netto driftsresultat skal vere 1,75% av brutto inntekter frå 2023	Det skal avsetjast til disposisjonsfond kvart år i perioden.	Disposisjonsfondet skal vere 10% av brutto driftsinntekter innan 2027.
Korleis lukkast	Alle einingar må tilpasse tildelt budsjetttramme		Alle einingar må tilpasse tildelt budsjetttramme	
Korleis måle	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		Av Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk skal 1,75% av brutto driftsresultat setjast av til disposisjonsfond	
Resultatmål 2023	3 - 5 %	- 0,66 %	kr 1138	1,88 %
Resultat 2023	0,37 %	0,37 %	kr 21 631 020	5,8 %

*Henta frå budsjett, alle tal i heile 1000.

Giske kommune har handlingsregel for økonomisk berekraft, jf. tabell under, som viser måla som er fastsett i økonomiplan og indikatorar for rekneskap 2023.

Handlingsreglar, retning for dei kommunale tenestene i planperioden

Nøkkeltall	Vedteke nivå	Resultat 2023	Resultat 2022
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	3-5%	0,37 %	4 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	5-10%	5,84 %	4,57 %
Netto finansutgifter i % av driftsinntekter	2-3%	6,96 %	8,1 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%	142 %	140 %
Avvik frå budsjett (netto driftsresultat)	0,5-1%	118,7 %	469 %

Måltal vedteke i k.sak 52/19

Modellen for økonomisk berekraft set krav til langsiktig økonomistyring av kommunen. Handlefridom og robustheit er berande element i modellen. Kommuneøkonomien skal kunne handtere uforutsette hendingar utan at det får konsekvens for tenestetilbodet samtidig som generasjonsprinsippet vert ivareteke.

Kommunen har auka disposisjonsfondet, og Giske kommune er dermed mindre sårbare overfor svingningar.



› Rekneskapsmessig resultat

Drift:

	Økonomisk oversikt drift viser:		2023
Brutto driftsresultat		kr	20 070 622
Netto driftsresultat		kr	3 037 932
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk		kr	0

Rekneskapsmessig resultat for Giske kommune for 2023 vert avslutta med eit netto driftsresultat på 3 mill. kr. Kommuneleiva § gir føringar for korleis dette skal disponerast slik at rekneskapsresultatet vert kr 0.


Dette skjer etter at pliktige strykningar ved rekneskapsavslutninga er gjennomført.

Det var budsjettert med overføring frå drift til investering med kr 1 550 000. På grunn av det gode resultatet i investeringsrekneskapet vart denne stoken ihht. strykingsbestemmelsane i kommuneleiva.

Investering:

Økonomisk oversikt investering for 2023 viser udekket / udisponert resultat = 0.

Finansieringsbehovet var kr 44 101 744. På grunn av refusjon frå staten til dekning av prosjekt 5857 Mudring Gjørundet, vart ikkje investeringar finansiert ved lån. Refusjonen medførte eit "overskot" på investeringsrekneskapet som er sett av til ubunde investeringsfond med kr 52 512 578. Det vart tatt opp 41,8 mill. kr i nye lån i 2023 - dei er tilført ubrukte lånemidlar som har ein saldo per 31.12.23 på 85,7 mill.kr.



Økonomiske hovudtal

Tabellen syner nokre hovudtal frå Giske kommune sin rekneskap for 2023

Alle tal i heile 1 000

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap	Avvik frå
	2023	2023	2023	2022	oppriinleg budsjett
9 Sum driftsinntekter	817 592	765 947	761 267	803 398	56 325
15 Sum driftsutgifter	797 521	749 989	735 744	746 318	61 777
16 Brutto driftsresultat	20 071	15 957	25 523	57 080	- 5 452
	-	-	-	-	-
22 Netto finansutgifter	- 56 648	- 71 823	- 71 823	- 65 136	14 901
	-	-	-	-	-
23 Motpost avskrivninger	39 615	39 616	40 650	40 650	- 1 035
	-	-	-	-	-
24 Netto driftsresultat	3 038	- 16 250	- 5 650	32 595	8 413

Kommunen sine driftsinntekter var 817,6 mill. kr mot justert budsjett på 765,9 mill.kr. Dette er ein auke på 51,6 mill.kr i høve det opprinnelige budsjettet. Av dette kjem 56,3 mill. kr av større inntekter frå overføringar med krav til motyting (statlege tilskott, sjukepengerefusjon mm.) som har motpostar i driftsutgiftene.

Kommunen sine driftsutgifter var 797,5 mill.kr mot justert budsjett på 750 mill. kr. Auken på 47,5 mill. kr skriv seg i stor grad frå auke i lønsutgifter med 28,9 mill.kr. Auka lønsutgifter må ein sjå i samanheng med sjukelønsrefusjon, som er ein del av kommunen sine driftsinntekter. Tilskott som ikkje er brukte i året vert overført til bundne fond.

Kjøp av varer og tenester blei 252,2 mill. kr mot justert budsjett på 229,2 mill.kr.

Overføring og tilskott til andre vart 29,1 mill.kr og var budsjettert med 27,3 mill. kr.

Kommunen sine netto finansutgifter vart kr 56,6 mill. kr og var budsjettert med 71,8 mill.kr. Det vart ein gevinst på finansane på 14 mill.kr mot budsjettert gevinst på 6 mill.kr. Renteinntekter vart 8,1 mill.kr, og 4,9 mill.kr over budsjett. Auken kjem av auka rentesats og større innskot enn forventna b.l.a. som følge av at premiefond har vorte brukt til å dekke pensjonskostnadane. Renteutgiftene vart om lag som budsjettert.

Endeleg utrekning av minsteavdrag viser at Giske kommune har budsjettert med 1,9 mill.kr for mykje i avdrag.

Giske kommune hadde i 2023 eit netto driftsresultat på 3 mill. kr. Til samanlikning var netto driftsresultat i 2022 på 32,5 mill. kr, dvs. ein nedgang av netto driftsresultat på 29,8 mill.kr.

Nøkkeltall

	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,45	7,1	5,3	1,90	0,73	2,86	3,80
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,37	4,06	4,31	-0,85	1,06	-0,51	2,24

Brutto driftsresultat (BDR)

Brutto driftsresultat viser resultat av ordinær verksemd inkludert avskrivningar. Resultatet uttrykker kommunen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringar og setje av midlar til fond. Brutto driftsresultat i andel av brutto driftsinntekter er på 2,45 prosent i 2023 mot 7,1 prosent i 2022.

Netto driftsresultat

Den viktigaste indikatoren på handlingsrommet for ei kommune er netto driftsresultat. Netto driftsresultat viser resultat etter at renter, avdrag og utlån er belasta rekneskapan og er den delen av overskotet som er disponibelt som egenkapital til investeringar, avsetningar og dekning av tidlegare års underskot.

Netto driftsresultat i perioden 2015 – 2023 %)

Teknisk berekningsutval anbefaler at netto driftsresultat er 1,75%. Giske kommune har som mål eit driftsresultat på minst 3 - 5% for å bygge opp disposisjonsfondet slik at kommunen kan få ein berekraftig økonomi. Giske kommune har no hatt nokre gode år der nivået har vore over det anbefalte nivået og har klart å styrke disposisjonsfondet som no er 5,8 prosent av driftsinntektene. Giske sitt mål er 5 - 10% av driftsinntektene. På grunn av høg lånegjeld bør nivået vere nærare 10% for at kommunen skal ha ein robust økonomi. Det er derfor behov for å styrke disposisjonsfondet ytterlegare i åra framover.

Dersom ein trekker ut årets inntektsførte premieavvik m/arbeidsgiveravgift på kr 3 738 957, hadde Giske kommune eit korrigert netto driftsresultat på - kr 701 000.

KOSTRA

	2023	2023	2022	2022	2021	2021
	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,5	-0,7	7,1	1,6	5,4	3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,3	-0,9	4,1	1,6	4,5	3,6
Frie inntekter i kroner per innbygger	68 044	68 849	66 028	67 420	63 118	64 828

Giske har mindre i frie inntekter i kroner per innbygger enn gjennomsnittet i kostragruppe 1, men kjem betre ut både i brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter enn kostragruppe 1.



› Utdrag av Giske Kommune sin rekneskap for 2023

Økonomisk oversyn drift - inntekter

Økonomisk oversyn drift - Driftsutgifter

Utvikling i fordeling - driftsinntekter

Utvikling i fordeling - driftsutgifter

Sum driftsinntekter, sum driftsutgifter, Disposisjonsfond

Oversynet viser forholdet mellom sum driftsinntekter, sum driftsutgifter og disposisjonsfond, og ein ser at etter dei siste åra med større avvik mellom driftsinntekter og driftsutgifter er det no på veg tilbake. Dette viser at kommunen fortsatt har utfordringar med driftsnivået og auken

frå 2021 og 2022 skriv seg frå ekstraordinære inntekter som ikkje er vidareført. Dersom det ikkje vert gjort tiltak vil kommunen sin evne til å handtere gjeld, finansiere investeringar og setje av midler til fond bli svekka.

Giske kommune har framleis høg lånegjeld, og det er behov for ytterlegare styrking av disposisjonsfondet dersom kommunen skal ha ein berekraftig økonomi.

Løn og sosiale kostnader utgjer ein stor del av kommune sine utgifter. Det vart i 2023 utbetalt 282,5 mill. kr i fastløn, ei auke på 6,94% frå 2022, men ein nedgang på 1,8 % frå det opprinnelege budsjettet. Variabel løn hadde eit meirforbruk på 27,4 mill kr, 47,2 % og ein nedgang på 6,5 % frå 2022. Meirforbruket vert dekt av sjukelønsrefusjon med 25,2 mill.kr som ikkje er budsjettet. Sosiale kostnader vart ca 8,1 mill. kr (9,47%) over budsjett. Dette skriv seg i hovudsak frå auke i arbeidgjevaravgift og auka pensjonskostnader som følgje av auke i løn.

Teknisk Beregningsutvalget for inntektsoppgjørene (TBU) har rekna årslønsveksten for kommuneansatte frå 2022 til 2023 til 6,3 prosent

Alle tal i heile 1 000

Netto driftsutgifter per rammeområde

	Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)	%-	Budsjett	Regnskap	
	2023	2023	0	forbruk	2023	2022	
1	POLITISK STYRING	5 724 453	4 766 251	958 202	120	4 766 251	4 484 224
2	KOMMUNE LEIING - STAB	26 966 413	25 276 085	1 690 328	107	25 276 085	21 987 918
3	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	- 135 887	9 886 127	- 10 022 014	- 1	16 246 027	- 6 671 834
4	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	11 877 652	11 693 724	183 928	102	8 693 724	9 004 880
5	OPPVEKST	251 053 540	237 324 597	13 728 943	106	233 406 693	219 540 778
6	BARN, FAMILIE, HELSE	62 116 823	59 943 766	2 173 057	104	57 543 766	53 806 904
7	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	191 573 632	192 280 046	- 706 414	100	181 038 618	200 249 383
9	TEKNISK	66 967 434	66 327 615	639 819	101	64 973 699	64 557 731
10	KYRKJELEGE FØREMÅL	5 751 400	5 751 400	-	100	5 751 400	5 504 500
Sum rammeområde		621 895 460	613 249 611	8 645 849	839	597 696 263	572 464 484

Detaljar kring dei enkelte rammeområda kjem lenger bak under [del 2 Einingar](#).

Det har gjennom heile året og vore arbeid med tiltak for å ta ned drifta. Fokuset på tiltak frå økonomiplanen, samt nye tiltak har vore stort.

Auken i driftsnivået frå 2022 har vore 8,63%. Om ein samanliknar med rekneskap frå 2022 justert med konsumprisindeksen på 4,7 prosent, har driftsnivået hatt ein større auke enn konsumprisindeksen. Auken utgjer ca 26,9 million kroner.



› Skatt - rammetilskot - finans

Skatt og rammetilskott

Giske kommune fekk i 2023 kr 591 368 464 i skatt og rammetilskot gjennom inntektssystemet. Dette var kr 3 068 000 meir enn justert budsjett. Skatteingangen for Giske kommune vart kr 6 575 653 lavere enn justert budsjett.

Øvrige generelle statstilskot

Kommunen fekk i 2023 utbetalt kr 1 902 913 i rentekompensasjon frå skulepakke, kyrkjepakke og omsorgsbustader. Dette var kr 802 913 høgre enn justert budsjett, og kjem av auken i lånerenta.

Det vart utbetalt kr 1 535 790 frå Havbruksfondet. Det var budsjettert med kr 1 056 000.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt vart utskrive både på verk og bruk, bustad og fritidseigedommar. Ved fastsetjing av skatteverdien for bustadeigedommar vart formuesgrunnlag frå skatteetaten nytta, medan det vart leigd takstfolk for taksering av fritidseigedommar, verk og bruk samt bustadeigedommar der formuesgrunnlag ikkje var fastsett av Skatteetaten. Satsen for eigedomsskatt var 3 %, Inntektene frå eigedomsskatt vart 22,4 million kr, kr 1 052 000 meir enn opprinneleg budsjett.



› Finansinntekter / finansutgifter

Netto finansutgifter i 2023 vart kr 56 647 822. Finansplasseringar etter finansregl. § 8 gav ein gevinst på 14 056 983. Renteutgifter vart omtrent som budsjettert. Avdragsutgiftene vart 1,9 mill.kr mindre enn budsjettert. Samla vart netto finansutgifter ca. 6,4 mill. kr lågare enn justert budsjett. Til samanlikning var netto finansutgifter i 2022 på kr 65 135 769.

Alle tal i heile 1 000

Renter og avdrag på lån til investeringar	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Renter løpande lån	37 979	25 082	21 027	24 111	28 526	25 498
Avdrag løpande lån	41 165	37 790	39 442	39 084	34 322	31 882
Sum renter/avdrag	79 144	62 872	60 469	63 195	62 848	57 380

Nøkkeltal	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	9,7	7,95	7,98	9,22	9,61	9,15
Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	6,92	8,1	6,14	8,38	7,43	8,82

Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån. Netto rente- og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser ein auke frå 9,15 prosent i 2018 til 9,7 prosent i 2023.

Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån, korrigert for finansinntekter. Det har vore ein nedgang frå 8,82 prosent i 2018 til 6,92 prosent i 2023. Oversikta over syner at avkastninga frå forvaltninga har stor påverknad på kor mykje av brutto dritsinntekter som er bunde til å dekkje finansutgifter.

Avkastning på kapital frå langsiktige kapitalplasseringar

Alle tal i heile 1 000

Bank / forvaltar:	Marknadsverdi/saldo pr. 31.12.2023	Renter / avkastning 2023
ODIN	45 477	4 672
Sparebanken Møre bankinnskot, aksjar, obligasjonar, eigenkapitalbevis.	94 664	9 385
Sum:	140 141	14 057

I tidsrommet 2000 – 2023 har Giske kommune hatt ei gjennomsnittleg årleg avkastning på 8,563 million kroner per år, dvs. 205 million kroner over 23 år.



› Disposisjonsfond drift - bundne driftsfond

							Alle tal i heile 1 000
Disposisjonsfond drift – bunde driftsfond	2023	2022	2021	2020	2019	2018	
Disposisjonsfond – fritt	47 750	36 719	3 988	0	2 623	2 623	
Disposisjonsfond – til div. tiltak	- 17	- 17	- 17	- 17	139	163	
Bunde driftsfond	12 045	20 038	21 675	20 679	12 256	15 693	

Giske kommune sitt langsiktige mål er eit disposisjonsfond på 5 - 10 prosent av driftsinntektene og ei avsetning til disposisjonsfond på 3 - 5 prosent for å oppnå eit disposisjonsfond som sikrar økonomisk berekraft.



› Investering

Investeringsrekneskap - samandrag

alle tal i heile 1 000

Økonomiske oversikter	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2023	2023	2023	2022
6 Sum investeringsutgifter	44 102	109 076	93 603	149 180
14 Sum investeringsinntekter	96 806	107 526	92 053	145 581
19 Netto utgifter videreutlån	- 2 495	0	-	1 035
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	55 199	- 1 550	- 1 550	- 4 634
27 Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)		-	-	-

› Lånegjeld, renter og avdrag

	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Langsiktig lånegjeld(1.000kr)	1 234 382	1 187 692	1 130 630	1 049 528	1 067 584	1 055 919
Langsiktig lånegjeld, kroner per innbygger *)	133 780	128 950	123 931	123 372	126 251	125 735
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	142,21	139,5	139,04	150,59	160,68	165,73

*) Basert på innbyggertal pr. 31.12.2023: 8 691 innb.

Langsiktig lånegjeld egne lån var kr 1 162 685 372, formidlingslån var kr 71 697 320 per 31.12.2023.

Ubrukte lånemidler egne lån pr. 31.12.2023 var kr 84 583 282, og Startlån kr 9 055 822.

Langsiktig gjeld ekskl. formidlingslån har i 2023 auka med 41,8 million kroner. Langsiktig gjeld formidlingslån har i 2023 auka med 4,835 million kroner. Tabellen viser at kommunen si samla lånegjeld i perioden 2018 - 2023 har auka med 178,5 million kroner.

Av langsiktig gjeld til investeringar kan ein rekne at 233,8 million kroner gjeld lån innan vatn, avløp, slam og renovasjon, som restverdi pr. 31.12.23 og avskrivingsgrunnlag for VAR-området i 2023.

Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75% av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100% er ugunstig. Giske kommune har ein gjeldsgrad på 131,7 % og er av dei høgste i landet.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Investeringsnivå og opptak av lån må rettast slik at lånegjelda ikkje er større enn at utgifter til renter og avdrag vert dekt gjennom løpande inntekter. Det er derfor viktig å ha kontroll på utviklinga av gjeldsnivået. Ein auke i lånegjelda indikerer at kommunen må bruke ein større del av inntektene til å dekkje renter og avdrag. Det historisk lave rentenivået dei siste åra har bidrege til at kommunen har unngått at renter og avdrag tek ein større del av inntektene. Dette har no snudd og eit normalt rentenivå vil auka lånegjeld få betydning for rammene til tenesteproduksjon.

Tabellen ovom viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusiv pensjonsforplikterler) fratrukke formidlingslån. Netto lånegjeld har passert grensa i måltalet på maks 100%.

Netto lånegjeld per innbygger

Netto lånegjeld per innbygger var i 2023 kr 133 780 mot kr 128 950 i 2022. Netto lånegjeld per innbygger har hatt ein auke på 2,88 prosent sidan 2017.

Soliditet (gjeldsgrad og eigenkapitalprosent)

Soliditet

Soliditet måler evnen til å tåle tap. Gjeldsgrad og egenkapitalprosent gir informasjon om dette. Gjeldsgraden viser forholdet mellom gjeld og egenkapital. Ein gjeldsgrad på 1 vil sei at kommunen har like stor gjeld som egenkapital. Til mindre dette forholdstalet er, til meir solid er kommunen. Gjeldsgraden korrigert for pensjonsforpliktelser var i 2022 2,75 mot 2,95 i 2021.

Eigenkapitalprosenten fortel noko om kor stor del av kommunen sine egedeler som er finanseirt eg egenkapital. Ved utgangen av 2022 var 19,16 prosent av eigendelane finansiert med egenkapital, mot 18,12 prosent i 2021.

KOSTRA

	2023	2023	2022	2022	2021	2021
	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
Langsiktig gjeld ex pensj.forpl i prosent av brutto driftsinntekter	150,8	113,1	147,7	115,1	145	113,7
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	123 986	100 709	113 194	97 098	117 026	93 399
Arbeidskapital ex. Premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	41	14,6	24,7	21,3	28,1	20,1

Netto lånegjeld i kroner per innbygger er har ein auke med kr 10 792 per inbyggjar, eller 9,5 % medan kostragruppa har ein auke på kr 3 611 eller 3,7 %.

Deler av auken kjem av forskotteringa for Mudring av Gjøundet samt auke i låneopptak. Det er motteke 105 mill.kr for å dekke forskotteringsprosjektet, dette kom så seint at gjelda ikkje har minka tilsvarande. Uavhengig av dette ligg Giske kommune lortsatt på eit høgt nivå i høve inntektene og det er fortsatt naudsynt å prioritere for å redusere gjelda ytterlegare.

Endring i arbeidskapital fortel i hovedsak om kommunen sin betalingsevne er bedra eller forverra. Den vert beregna som omløpsmidler med frådrag for kortsiktig gjeld, korrigert for endring i ubrukte lånemidler. Arbeidskapital er differansen mellom anskaffelse av midlar (inntekter og innbetalinger) og anvendelse (utgifter og utbetalinger) av midlar i regnskapet. Når anskaffelse er større enn anvendelse har arbeidskapitalen økt.

Begrepet arbeidskapital er misvisande då driftsregnskapet vert påverka av premieavvik (forskjellen mellom innbetalt pensjonspremie til livselskapa og beregna pensjonskostnad).

Oversikta syner at giske sin arbeidskapital er bedra frå 2022 til 2023, og at Giske kommune har betre arbeidskapital en gjennomsnittet i kommunegruppe 1.



› Vurdering - oppsummering

Kommunerekneskapen for 2023 viser eit brutto driftsresultat på + kr 20 070 621 som er det kommunen hadde i 2023 til dekning av netto finansutgifter og til netto avsetningar. Kommunerekneskapen for 2023 viser eit netto driftsresultat på kr 3 037 932 som er disponert slik:

- Overføring til investering kr 0
- Netto avsetning til /bruk av bundne driftsfond - kr 7 993 087
- Netto avsetning til disposisjonsfond kr 11 031 020.

Finansieringsbehovet var kr 44 101 744.



› 1 Politisk styring og kontrollorgan

Politisk styring og kontrollorgan omhandlar fylgjande tenesteområde:

Kommunestyre og formannskap	Kommunerevisjon og kontrollutval
Livsløpsutval	Stortings- og kommuneval
Teknisk utval	Eldreråd
Økonomisk stønad til politiske parti	Diverse råd og utval

						Alle tal i heile 1 000
	1 POLITISK STYRING	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap	
Teneste		2023	2023	2023	2022	
1000	KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	3 130	2 233	2 233	2 787	
1005	POLITISKE KOMITEAR	211	203	203	103	
1010	DIVERSE UTVAL/STYRE/RÅD	247	467	467	144	
1020	ELDRERÅD	28	37	37	26	
1050	ØKONOMISK STØNAD TIL POLITISKE PARTI	47	50	50	94	
1060	KOMMUNEREVISJONEN - KONTROLLUTVAL	1 525	1 408	1 408	1 322	
1070	STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	536	368	368	7	
	Sum gruppeansvar: 1 POLITISK STYRING	5 724	4 766	4 766	4 484	

Driftsrekneskap for Politisk styring og kontrollorgan viser eit meirforbruk på kr 958 000 i høve justert driftsbudsjett. Deler av meirforbruket på teneste 1000 skriv seg i av mindreforbruk i teneste 1010. Meirforbruket kjem også av ettergodtgjersle ved overgang til ny ordførar og kjøp av it utstyr for å oppgradere Web - tv i kommunestyresalen. Auke på teneste 1060 kommunerevisjonen - kontrollutval kjem av endring av betalingsstruktur av revisjonshonorar der det er gått over frå fastpris til medgått tid.

Kostra

		2023	2023	2022	2022	2021	2021
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
100 Politisk styring	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde per innbygger (kr)	495	645	374	527	388	544


		2023	2023	2022	2022	2021	2021
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
110 Kontroll og revisjon	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde per innbygger (kr)	183	185	156	177	133	161

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til politisk styring og kontrollorgan. Data er vist i kroner per innbygger. Utgifter knytt til eldreråd høyrer til kostrafunksjon 180 og er ikkje med i KOSTRA - oversikta.

› Oppfølging av kommunestyrevedtak

Giske kommunestyre behandla i alt 111 saker i 2023. Av disse er det **3 saker** som er under arbeid ved utgangen av året.

	Møte 2023	Saker 2023	Møte 2022	Saker 2022
Kommunestyret	8	111	7	85
Formannskapet	20	142	19	140
Næringsutvalet	3	7	3	
Landbruksnemnda	4	14	2	
Teknisk utval	11	90	11	64
Livsløpsutvalet	6	49	6	47
Eldrerådet	5	23	4	17
Råd for menneske med funksjons-nedsetting	5	23	4	18
Giske brukarutval	3	11	4	17
Viltnemnda	1		1	2
Valstyret	4	12	0	0
Kontrollutvalet	5		5	27
Ungdomsrådet	5	23		



2 Kommuneleiling - Stab

Kommuneleiling – stab omhandler desse tenesteområda

- Kommunedirektør og kommunalsjefar
- Personal og løn
- Økonomi
- Kultur, service og næring
- Andre fellestenester

Eininga skal levere tidsrette støttfunksjonar etter dei krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar, og har gjennomført dei fleste av satsingsområda frå handlings og økonomiplan 2023 - 2026.

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2023	2023	2023	2022
1200	KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	6 889	5 938	5 938	5 256
1210	PERSONAL OG LØN	2 884	2 690	2 690	2 689
1220	ØKONOMI	3 433	3 995	3 995	3 043
1230	SERVICEKONTORET	2 728	2 984	2 984	2 506
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	24	-	-	18
1250	IKT	855	816	816	777
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	935	893	893	807
2110	BARNEHAGE	1 354	491	491	1 364
2120	GRUNNSKOLE	749	480	480	212
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	28	779	779	50
2412	PSYKISK HELSEVERN	110	106	106	105
2423	MOT - PROSJEKTET	-	25	25	-
2440	BARNEVERN TENESTE	265	255	255	259
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	-	25	25	-
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	1 079	979	979	755
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	-	99	99	-
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	-	- 50	- 50	- 1

	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste		2023	2023	2023	2022
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	443	367	367	428
2831	Formidlingslån (frå 2020)	- 112	- 120	-	-
3010	PLANLEGGING / REGULERING	- 100	-	-	-
3100	FORMIDLINGSLÅN	-	-	- 120	- 165
3250	NÆRINGSKONTORET	691	184	184	710
3253	JORD- OG SKOGBRUK	601	543	543	538
3610	VILTFORVALTNING	188	63	63	128
3620	FRILUFTSLIV	11	261	261	193
3650	KULTURMINNEVERN	8	25	25	- 116
3700	BIBLIOTEK	1 524	1 587	1 587	924
3750	MUSEER	-	28	28	-
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	-	140	140	95
3810	IDRETT	343	230	230	285
3850	KULTURKONTORET	990	788	788	426
3851	ANDRE KULTURTILTAK	427	159	159	200
3852	Frivilligsentral	618	518	518	502
Sum gruppeansvar: 2 KOMMUNE LEIING - STAB		26 966	25 276	25 276	21 988

Området har eit meirforbruk på 1,7 milion kroner, meirforbruket er samansatt og kjem av fleire forhold, blant anna utgifter knytt til rekruttering av både ny kommunedirektør og ny HR - sjef, engasjement for prosjektleiar betre tverrfagleg samhandling, samt at resultatet av lønsoppgjøret for 2023 vart høgre enn budsjettet.

Meirforbruk på ei teneste vert kompensert med mindreforbruk på andre tenester og stillingar har vorte haldne vakante for å halde budsjettet.

Prosjektet Omstilling av fellesfunksjonar har gitt effekt gjennom fokus på arbeidsprosessar og digitalisering av tenester. Arbeidet vil halde fram i 2024.

Kostra

Netto driftsutgifter administrasjon per innbygger.

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til administrasjon og styring per innbygger. I indikatoren inngår administrativ leiing, stab- og støttefunksjoner. Data blir vist i kroner per innbygger.

	2023	2023	2022	2022	2021	2021
Kostra funksjon	1532 Giske	Kostra gr. 1	1532 Giske	Kostra gr. 1	1532 Giske	Kostra gr. 1
120 Administrasjon	3 981	4 965	3 752	4 695	3 875	4 149
231 Aktivitetstilbod barn og unge	3	166	6	138	1	101
320 Kommunal næringsverksemd	2	-135	1	-111	-11	-117
325 Tilrettelegging og bistand for næringslivet	80	282	155	385	30	221
370 Bibliotek	187	332	113	309	99	299
380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	39	115	33	122	31	89
385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andres kulturbygg	247	386	117	328	202	278

På kostrafunksjon 120 inneheldt tabellen ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 2 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.

For kostrafunksjon 120 administrasjon syner tala at Giske kommune har ein auke frå 2022 til 2023 med kr 229 per innbygger, medan kostragruppe 1 har ein auke på kr 270 per innbygger..

Giske kommune bruker kr 984 mindre per innbygger enn gjennomsnittet for kostragruppe 1. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 1 vil dette utgjort ein auke på 8,5 mill.kr.

Studier har vist at kommunar tolkar og definerar administrasjon ulikt i KOSTRA. Det inneber at tala ikkje er direkte samanliknbare mellom alle kommunar og er noko usikre.



› Toppleiing

Giske kommune si administrative toppleiing består av

- Kommunedirektør
- Kommunalsjef oppvekst.
- Kommunalsjef helse- sosial og omsorg.
- Kommunalsjef plan og tekniske tenester.

Toppleiinga si viktigaste oppgåve er å sjå til at politiske vedtak og sentrale målsettingar for tenestene vert iverksette. Toppleiinga er bindeledd mellom dei folkevalde og administrasjon i kommunen.



› Stab

Personal og løn

Personal- og lønsavdeling har 3,9 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Utvikling og vedlikehald av overordna arbeidsgivarpolitikk
- Støtte og rettleiing til einingane i utøving av arbeidsgivarpolitikken
- Lønsarbeid, lokale lønsforhandlingar og rettleiing til einingane i lønsarbeid og i relevant lov- og avtaleverk som gjeld personalområdet
- Bistå einingane i rekruttering og kompetanseutvikling
- Overordna ansvar for HMS/IA-arbeid
- Samarbeid med fagorganisasjonar og verneteneste

Avdelinga har nesten ikkje hatt sjukefråvær. Samarbeidet med tillitsvalde, verneteneste, topp- og einingsleiing fungerer godt. Avdelinga er framleis svært sårbar ved evt. sjukefråvær, særleg gjeld dette lønsarbeidet.

Fagstab

Fagstaben består av

- Seniorrådgivar kvalitet og beredskap
- Pedagogisk rådgivar barnehage
- Pedagogisk rettleiar

Økonomi

Økonomiavdelinga i Giske kommune har 4 tilsette og 3,8 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Føre rekneskap til Giske kommune og Giske kyrkjelege fellesråd, Gjelds- og finansfovaltning
- Utarbeide samla årsbudsjett og økonomiplan for kommunen og rapportering og oppfølging av dette
- Gi einingsleiarar m/fl. støtte og rettleiing innan økonomi, samt brukarstøtte for budsjettverktøy, økonomi- og e-handelssystem.
- Vere kommunen sitt kontaktpunkt i høve innkjøpsfelleskapet på Sunnmøre, Nordre Sunnmøre kemnerkontor, skatteoppkrevjing og arbeidsgjevarkontroll

Avdelinga leverer i hovudsak tenester til interne brukarar. Det er likevel ein del publikumskontakt knytt til fakturakopi og spørsmål om utsende faktura, lån og aktivitet kring innkrevjing. Avdelinga er avhengig av godt samarbeid med eksterne leverandørar, lån- og finansforvaltarar, samarbeidskommunar og andre samarbeidspartnarar.

Controller vil først vere på plass frå 2024.

Kultur, service og næring

Eininga Kultur, service og næring hadde i starten av året 10,7 stillingar fordelt på 12 personar. Frå 1. august 2023 kom merkantile frå skule og helse inn i eininga og ein ungdomsarbeidar vart tilsett. Eininga har ved årsskiftet 15 tilsette og 13,5 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver:

- Sentralbordteneste samt informasjon og rettleiing av innbygarane knytt til kommunale avgifter, bustønad og startlån
- Giske kommunes felles saksarkiv
- Politisk sekretariat
- Ansvar for førebuing og gjennomføring av kommune- og Stortingsval.
- Bibliotekteneste
- IT ved systemintegrator
- Næringskontor
- Kulturkontor
- Frivillegsentralen
- Merkantil teneste til skule, helse, barnehage
- Ungdomsarbeid og SLT-koordinator

Hovudmål

Levere god service til innbygarane og politisk leiing gjennom å vere godt oppdatert på det som skjer i kommunen. Sørge for at politiske saker vert sendt ut i rett tid. Gi god og nyttig informasjon til innbygarane om ulike tenester og legge til rette for digital sjølvbetjening der det er mogleg. Gi gode bibliotektenester og samhandle med innbygarane gjennom Frivillegsentralen. Siste halvåret er det jobba mykje med forebyggande arbeid retta mot ungdom.

Kultur

Det vart betalt ut kulturstøtte til frivillege lag og organisasjonar innan musikk, idrett og museum/historielag samt tilskot til 17. mai-feiring. UKM hadde deltakar-rekord under forestillinga på Valderøy barneskule 11. mars. Det vart også arrangert UKM-verkstadar i januar og februar. Arbeidet med plan for Friluftlivets ferdseårs er igangsett og skal ferdigstillast i løpet av 2024.

Kultur har også ansvar for søknadar og oppfølging av det som gjeld spelemidlar til idretten. Desse blir sendt vidare til Møre og Romsdal fylke for avgjerd.

Ansaret for Den kulturelle skulesekken vart flytta frå oppvekst til kultur og arrangerte for første gong eit stort felles tverrfagleg kulturprosjekt med bidrag frå alle skulane i kommunen - Giske Science Opera. Ungdomsrådet og nyttilsett ungdomsarbeidar arbeider med å få starta opp ungdomsklubb. Eit omfattande arbeid er også igangsett med forebygging mot radikaliserings og kriminalitet gjennom SLT-arbeidet som er støtta av Konfliktrådet. Fire mentorar har vore på opplæring i 2023.

Næring

Det har blitt gitt rettleiing til personar som vil starte ny næring og gründerar gjennom Hoppid. I tillegg er det tilbod om kursing for nyetablerarar gjennom Entreprenedy. Det er også gitt støtte etter søknad frå Hoppidfondet.

Ei viktig og tidkrevjande oppgåve har vore å planlegge og vidareutvikle fiskerihamn og næringsområde på Gjøvsund. Det har vore mykje møteverksemd og kontakt med næringsaktørar og andre aktuelle partar i dette arbeidet både internt og eksternt.

Frivilligsentralen

Den kulturelle spaserstokk har hatt fleire tilstellingar i 2023, mange i samarbeid med pensjonistlaga og eldrerådet i kommunen. Har også vore med på eldredagen med bidrag. Sysselsetting med NAV på Frivilligsentralen har gått omtrent som normalt. Nokre har fått jobb, nokre har begynt på skule, og nokre er framleis med i prosjektet. Aktiv ferie vart arrangert som tidlegare år, i 2023 hadde vi 6 uker med aktiviteter og over 600 aktivitetar.

Klubb for PU er kvar 3. veke og det vert også arrangert turar gjennom året i helgene. Desse er støtta av Gjensidige og Sparebanken møre

- *Arbeid med stiar er vidareført*
- *Stor auke i hjelp til privatpersonar*
- *Tv aksjonen og bøsseaksjon*
- *Utdeling av matkasser til jul og påske i samarbeid med butikkar og privatpersonar. 60 familiar fekk tilkøyrt desse. Fekk støtte fra MR fylke til dette i 2023 samt god støtte frå næringslivet*
- *Frivilligsentralen møter stor velvilje i lokalsamfunnet og har fått inn mykje midlar utanfrå til ulike prosjekt. Det er stor pågang av eldre som vil bidra med arbeid, både ute, i og ved omsorgssentra.*
- *Samarbeid med kriminalomsorgen om soning, skulane og bukollektiva*

Frivilligsentralen er til stor hjelp i utføring av ulike kommunale oppgåver som køyring og bringing, og hjelper både på skular, eldresenter, dagsenter, teknisk og NAV. Det siste har utgjort knapt halvparten av stillinga til medarbeidar på frivilligsentralen. Vi har også siste året tatt på oss arbeidet som bilansvarlege i kommunen.

«Aktiv ferie» vart gjennomført med følgjande aktivitetar i og utanfor Giske kommune: Valldal klatrepark og Atlanterhavsparken med mat og drikke.

Frivilligsentralen brukte mesteparten av pengane i 2023 på lokale tilbod, og fekk gjennom dette støtte lag og organisasjonar i kommunen med ca kr. 350.000.

Frivilligsentralen fekk kr 600 000 til aktivitetar gjennom BUFdir til desse tiltaka pluss støtte fra SBM som gjorde at aktivitetane kunne vere opne for alle.

Gjennom det kommunale sysselsetjingsprosjektet får ungdommar som står utanfor arbeidslivet god og variert erfaring med praktisk arbeid. Verdien av dette kan ikkje overdrivast.

Frivilligsentralen har ein unik posisjon i kommunen, og får gåvemedlar og anna støtte frå mange ulike kjelder. Sentralen gir eit lågterskeltilbod som blir sett stor pris på. 2023 vart eit rekordår når det gjeld all støtte som vart gitt frå eksterne.

Det ser ut som at einingane brukar Frivilligsentralen meir enn før. Dette skjer sjølvsagt då dei ser at ein kan få meir ut av kvar krone ved eit samarbeid med frivillige. Men det er viktig at ein pleier forholdet til dei frivillige. Dei må ha føreseielege vilkår som passar inn med det andre dei er engasjert i. Og dei må bli sett og følt seg verdsett. Dette bør alle som er mottakar av eller samarbeider med frivillige, bite seg merke i.

Sentralen har også startet opp samarbeid med Fuki, som bidrar sterkt inn i arbeidet med flyktningar.

Samarbeid også med Vigra pensjonistlag og grunneigarar om stien langs Blindheimsfjellet fortsetter. Sentralen er også med på steinlegging av valderøyfjellet.

Frivilligsentralen arbeider saman med ungdomsarbeider i kommunen for å få til aktivitetar for ungdommen. Her har sentralen gjennom midlar fra BUF dir støtta både Mjølner og Giske sogelag med pengar til oppstart av opne møteplassar for ungdom. I tillegg er det lagt både pengar og arbeid ned i å opprette ein kommunal ungdomsklubb på Valderøya.

Biblioteket

- Aktive lånarar: 724 (522 i 2022)
- Institusjonslånarar: 145
- Besøk: 11 865 (7 291)
- Utlån: 14 607

Det var ein fin auke i tal på lånarar og besøk i 2023. Biblioteket var ope fem dagar i veka. Gjennom året 2023 har 1606 barn og vaksne vore med på ulike arrangement på biblioteket. Det har også vore ein del barnehage og nokre skulebesøk.

Tabell styringskort og styringsindikator 2023

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2023	Resultat 2023
Innbyggjarar	Kvalitet tilpasse dei økonomiske rammevilkåra	Plassering i forbrukarrådet sine testar av kommunal service	100 eller betre av kommunane i landet. 10 eller bedre av kommunane i Møre og Romsdal	Det er ikkje publisert resultat etter målingar i 2023

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2023	Resultat 2023
Medarbeidarar	Forenkling og effektivisering gjennom digitalisering	Etablert samarbeid med kommunar i regionen om digitalisering	Digitalisere timeregistrering til støttekontakter og fosterheimar. Oppgradering av Acos Websak og møte+ samt skydrift er innført. Anbudsprosess HRM og økonomisystem er gjennomført og planlegging av nytt system er oppstarta. Nytt verktøy for styring og oppfølging er valgt og innføring oppstarta.	I prosess Gjennomført Anbudsprosess gjennomført. Verktøy er valt og vil bli tatt i bruk i 2024
	Velfungerande informasjons- og kommunikasjonskanal	Relevant informasjon er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette døgnet rundt. System med digitale søknader mm fungerer godt	Videreutvikle og arbeide meir strategisk med informasjon til innbyggjarane. Giske kommune si heimeside er oppgradert.	I prosess
	Beredskapsarbeid med rett kvalitet	Gjennomførte beredskapsøvingar og ajourført beredskapsplan	Beredskapsøvingar er gjennomført. Kompetanseheving i beredskapsarbeid er gjennomført. Vurdering av ressurs til beredskapsarbeid er gjennomført.	Gjennomført
	Auke intern beredskapskompetanse	Gjennomførte øvingar	Øving på utvalde hendingar	Gjennomført
	Velfungerande kvalitets- og internkontrollsystem	Gode tilbakemeldingar frå tilsette og innbyggjarar. Regelmessig rullering, og få avvik på tenestene som blir gitt	Jobbe vidare med rutine og prosedyrer for dei mest risikobelasta områda	I prosess
		Statistikk over avvik og forbetningsforslag	Auke i meldte avvik og forbetningsforslag i alle einingar	Gjennomført
		Internkontroll er integrert i planverk og rapportering	Alle einingar rapporterer systematisk på internkontroll	
		Tilgjengeleg plan - og oppslagsverk	Kvalitets- og personvernhandbok er utarbeidd	Eiga handbok er ikkje utarbeidd då all informasjon skal leggst i compilo
	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærversprosent		
		Resultat 10-faktor medarbeidarundersøking	Handlingsplan etter oppfølging av 10 - faktorresultat er utarbeidd	Gjennomført på einingsnivå
	Vernerunder og arbeid i HMS-utval. Opplevd kvalitet på samarbeid mellom vermeteneste/tillitsvalde og arbeidsgivar.	Systematisk HMS-arbeid vert gjennomført i tråd med HMS-årshjul og handlingsplanar. Samlingar med vernerunde er gjennomført med rett kvalitet	Gjennomført	
	Arbeid med leiarutvikling held fram	Kompetanseheving om sentrale faktorar er gjennomført	Leiarutvikling påbegynt i 2022 vart slutført i 2023	
	Enkel og effektiv support og drift ved hjelp av digitale verktøy	Gjennomført opplæring på nye digitale verktøy	Brukerhandbok i Visma Tid er etablert	Brukerhandbok er erstatta av opplæringsvideoar tilgjengeleg i Compilo
	Staben har rett kompetanse	Gode tilbakemeldingar frå leing og tilsette	Plan for kompetanseheving stab er utarbeidd	Ikkje utført
	Redusere sårbarheit i viktige stabsfunksjonar	Det er etablert tvillingskompetanse eller etablert samarbeid som fungerer med god kvalitet	Samarbeid med andre kommunar eller kjøp av tenester for sentrale stabsfunksjonar som er sårbare i dag (løn, rekneskap, arkiv m.m) er etablert	Vidareført til 2024
Økonomi	Lav andel av administrative ressursar. God økonomistyring	Alle leiarar har kompetanse og forståelse for økonomi og økonomistyring	Kompetanseheving i budsjett og økonomistyring er gjennomført.	Vidareført til 2024
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 administrasjon per innbyggjar	≥ kr 3 500 per innbyggjar	
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 som andel av totale		6 %

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2023	Resultat 2023
		utgifter Avvik i % av netto driftsramme	≤ 0	+ 6,7%



› 3 Fellesutgifter - fellesinntekter

Fellesutgifter - fellesinntekter omhandler følgende tenesteområde:

På dette ansvarsområdet blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon og som ikkje kan knytast opp mot einkilde einingar eller stab. Døme på dette er:

- Felles personaltiltak / arbeidsmiljø
- Generelle arbeidsmiljøtiltak
- Diverse fellesfunksjonar:
 - Felles IT program, maskinvare og serviceavtaler.
 - Felles datakommunikasjon
 - Telefon og telefax
 - Frankering – porto
 - Kontingent til KS
 - Felles pensjonsutgifter/inntekter - premiefond.
 - Premieavvik blir samla her frå 2011.
 - Løn til lærlingar
 - Løn til hovudtillitsvalde og hovudverneombod
 - Utgifter til bedriftshelseteneste

Drift

Alle tal i heile 1 000

Tenester	3 FELLESENTGIFTER/FELLESENTTEKTER	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2023	2023	2023	2022
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 202	1 505	1 505	1 798
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	457	363	363	286
1240	DIVERSE FELLESENTFUNKSJONAR	12 312	10 229	10 229	12 486
1260	SAKSBEHANDLING - FELLESENT	11	-	-	99
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	- 8 668	- 11 000	- 11 000	- 23 147
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	- 4 024	- 504	- 504	- 731
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	8 737	6 603	6 603	6 158
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	215	180	180	259

	3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Tenester		2023	2023	2023	2022
1720	PENSJON	182	-	-	177
1730	PREMIEFOND	- 41 254	-	-	- 27 776
1800	DIVERSE FELLESUTGIFTER	18	684	684	16
2110	BARNEHAGE	185	535	535	166
2120	GRUNNSKOLE	70	238	238	225
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	126	268	268	220
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	147	- 106	- 106	- 178
2546	GISKE OMSORGSSENTER	348	628	628	451
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	253	263	263	150
	Sum andre tenester knytt til årets avregning pensjon	29 548	-	-	22 669
	Sum gruppeansvar: 3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	- 135	9 886	9 886	- 6 672

Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk på kr 9,7 mill.kr.

Det er eit meirforbruk i ansvar 1300 Felles drift og dei største avvika finn ein i teneste 1240 Diverse fellesfunksjonar - med eit meirforbruk på 2 mill kr. Meirforbruket på tenesta stammar i stor grad frå utgifter til datakommunikasjon, lisensar og serviceavtalar. Med auka grad av digitalisering er dette ein kostnad som aukar på alle områder.

Ved budsjetteringa vart deler av utgiftene til auka tal flyktninger lagt til denne ramma med kr 6 283 000 til fordeling til andre rammeområde ved behov. Av dette er 5 mil.kr fordelt til andre rammeområde i budsjettendring gjennom året.

Pensjonskostnadar vert ført etter budsjettert prosentsats på rammeområda, dette gjer at det på einingsnivå blir lettare å følgje pensjonskostnaden og endringar i denne kjem som følgje av endringar i løn og ikkje som følgje av premieavvik, amortisering og bruk av premiefond- dette ligg no i si heilheit i ramme 3 og også avrekninga på slutten av året blir ført i ramme 3.

Pensjonskostnadane medførte at rammeområdet fekk eit mindreforbruk på 9,7 mill.kr.

Giske kommune gjorde i 2022 endring i pensjonsportefølja og har no portefølje med investeringsval. Dette frigjorde 50 mill.kr som vart tilført premiefondet. Midler på premiefond kan berre brukast til framtidig premiebetaling, og Giske kommune brukte 41,2 mill.kr av premiefondet for å dekke premieinnbetalingar i 2023.

Premieavvik vert budsjettert som inntekt – amortiseringa ei utgift, netto utgjorde det ei utgift på kr 983 000. Premieavviket i KLP var budsjettert som inntekt med 11 million kroner, medan det vart 8,7 million kroner. Bruk av premiefond som aukar premieavviket vil kome som ei utgift gjennom amortiseringa (avdrag) dei neste 7 åra. Bruk av premiefond vart 41,2 mill. kr og var ikkje budsjettert. Begge deler må ein sjå i sammenheng med auken i pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, ser ein kommunen under ett vart det eit samla mindreforbruk på 5,4 million kroner for pensjonskostnadane som kjem hovudsaklig frå bruk av premiefond og premieavvik. Ser ein løn, sjukeløn og pensjonskostnader samla for alle rammeområda (heile kommunen) er der eit mindreforbruk på ca 2,4 million kroner.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapan og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året.

Dei øvrige tenestene gjeld stort sett lærlingløn for heile kommunen. Avvika kjem av at den faktiske fordelinga av lærlingane vart ulik den budsjetterte.

Kostra

Kostra funksjon		2023	2023	2022	2022	2021	2021
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
180 Diverse fellesutgifter	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	5	79	5	71	2	-116
170 Årets premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	- 1 468	- 6 003	- 2 747	- 1 979	- 240	- 2 298

Kostra funksjon		2023	2023	2022	2022	2021	2021
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
171 Amortisering av tidligere års premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	1 030	1 537	738	1 543	951	1 188
172 Pensjon	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	33	23	44	-41	29	22
173 Premiefond	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	- 4 743	- 1 885	- 3 192	- 2 377	- 3 428	- 2 051



› 4 Diverse tenesteområde

Diverse tenesteområde omhandlar tenesteområde NAV, sosiale tenester

Drift

Alle tal i heile 1 000

	4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	2023	2023	2023	2022
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	4 582	4 328	3 528	3 515
2760	KVALIFISERINGSPROGRAM	1 387	1 238	1 238	1 105
2810	ØKONOMISK SOSIALHJELP	5 911	6 127	3 927	4 386
2851	NAV DRIFT - STATLEG DEL	- 3	-	-	-
	Sum gruppeansvar: 4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	11 878	11 694	8 694	9 005

NAV Giske, sosiale tenester

NAV Giske leverte rekneskap med om lag kr 200 000 i meirforbruk i 2023. Rammeområdet fekk tilført, via budsjettendringar, kr 3 mill ila året, dette knytt til auke i mottak av nye flyktningar frå 15 til 43.

Lov om sosiale tenester i NAV inngår i kommunen sitt samla velferdsansvar og omhandlar kommunale tenester og oppgåver som NAV Giske skal utføre og medverke i. Dei obligatoriske kommunale tenestene (minimumsløysinga) som inngår i NAV Giske er opplysning, råd og rettleiing (medrekna økonomisk rådgjeving), økonomisk stønad, mellombels bustad, individuell plan og kvalifiseringsprogrammet.

Ut over minimumsløysinga deltek NAV Giske i Intro-programmet for flyktningar, som og er ei kommunal teneste, med arbeidsrelatert opplæring/bistand.

Oppgåvene er til dels forankra i lov, som økonomisk sosialhjelp, og i nasjonale program som kvalifiseringsprogrammet. Disse er førande for kommunen sitt arbeid i høve grupper som treng særskild oppfølging. Giske kommune og NAV Giske har eit tett og godt samarbeid, ein ser at det gjer tenestene kvalitativt betre og heng betre saman. Kvalifiseringsprogrammet og kvalifiseringsstønad sjåast i samanheng med økonomisk sosialhjelp. Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig verkemiddel i kampen mot fattigdom. Målet med programmet er å fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet ved hjelp av tettare og meir forplikta bistand og oppfølging, også i dei tilfella vegen fram kan vere relativ lang og usikker.

Økonomisk sosialhjelp:

På tross av at det er god tilgang til arbeid har talet på personar som har motteke sosialhjelp auka frå 123 personar i 2022 til 169 i 2023. Dette er ei markant auke og årsak til behov for auka budsjett på området, I disse tallane er også busette flyktningar som har motteke støtte i samband med etablering inkludert. Ein ser at ein del av flyktningane blir langtidsmottakar av sosialhjelp grunna alder. Levekostnadane har auka. Dette gjelder utgifter til bustad, strøm mv.

Frå 01.09.2022 blei det lovfesta at barnetrygd skal holdast utanfor med beregning av økonomisk stønad.

Etter tilsyn frå Statsforvaltar hausten -23 vil NAV-kontoret kartlegge barna sine behov betre, sikre at barna er tilstrekkeleg ivaretatt og følge opp barnefamiliar ved søknad om økonomisk stønad.

Arbeidsløyse:

I 2023 var arbeidsløysa i Giske på 1,6 %. NAV si erfaring er at det fortsatt er stort behov for kvalifisert arbeidskraft. Arbeidsløysa i Giske er særleg kjenslevar for aktiviteten i industrien, flyplassen og auka aktivitet/nedtrapping her gir også store ringverknader til underleverandørar og andre.

Brukarar under 30 år

NAV Giske har en stor del brukarar under 30 år som slit med å få innpass i arbeidslivet og/eller varig tilknytning til arbeidslivet. Dette kan skuldast fleire forhold som til dømes fråfall i vidaregåande skule, helseutfordringar eller sosial arv. Desse kan vere aktuelle både for kommunale og statlege ytingar og tiltak. NAV Giske vil særleg prioritere brukarar under 30 år i høve oppfølging og arbeidsretta tiltak.

Marknadsarbeid:

NAV Giske har også i 2023 hatt fokus på kontakt med bedrifter og næringsliv. Kontakt med lokale og regionale bedrifter er viktig relasjonelt arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet. NAV har hatt høg aktivitet på marknadsarbeid og har aktivt brukt tiltaksbudsjett til å gi fleire moglegheiter til arbeid og aktivitet.

NAV Giske har formelt samarbeid med flyktningtenesta i kommunen i høve busette flyktningar. Arbeidet har særleg hatt fokus på arbeid og aktivitet. Ein har også i 2023 arbeidd ilag med flyktningstenesta for å vidareutvikle samarbeidet og klarleggje korleis NAV kan bidra inn i introduksjonsprogrammet og auke grad av arbeidsretting av programmet. Vi erfarer at dei busette flyktningane har hatt større behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogrammet enn det ein hadde sett føre seg.

Styringskort

Fokusområde	Mål	Målendikatorar	Resultat 2023
Brukarar	Auke tal brukarar som nyttar digitale tenester.	Brukarar på sosialområdet som kan nytte digitale tenester skal nytte DIGISOS som plattform for søknader om sosialhjelp.	57% nyttar digitale verkty. Årsak til lavt tal er flyktningar som ikkje nyttar dette.
	Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgjeving	Alle som melder om behov skal få tilbod om bistand.	Stort fokus på området, tal saker har auka frå 17 i 2022 til 30 i 2023. Mange får råd og rettleing.
	Vurdere Kvalifiseringsprogrammet (KVP) for brukarane og tilby program til alle som fyller vilkåra	Giske kommune har i rammetilskotet fått budsjett til 7 brukarar i KVP	2023: 7 brukarar. Dei som fyller vilkår får dette.
	Sette vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk sosialhjelp til brukarar under 30 år	Følge intensjonen i Sosialtenestelova § 20.	Ungdomsgaranten. Nyttar frivilligssentralen som eit aktivitetskrav med arbeidsretta tiltak for brukarar under 30 år.
Medarbeidarar	Ein trygg og sikker arbeidsplass, systematisk HMS-arbeid	NAV Giske sin verksemdplan. Månadlege tema. Utarbeidd årshjul. Beredskapsplan.	Utført ROS-analyse og laga handlingsplan. Kartlegging sikkerhet i mottak. Arbeider med tiltak. Utarbeiding av beredskapsplan Medarbeidarundersøkinga viser høg grad av psykologisk trygghet og sjølvbestemmelse. Sjukefråvær tilsette 4,6 % kommune, 0,5 % stat
	God økonomistyring	Avvik i % vedtatt netto driftsramme.	Målet er nådd. Avvik meirforbruk 1,57%.

Brukarar 2020-2023

	2020	2021	2022	2023
Arbeidssøkjjarar og personar med nedsett arbeidsevne	566 personar	481 personar	334 personar	345 personar
Heilt arbeidsledige	2,6% (118 personar)	1,3% (59 personar)	1,4 % (62 personar)	1,6% (74 personar)
Sjukmelde	283 personar	254 personar	322 personar	277 personar (6,8%)
Økonomisk sosialhjelp	102 personar	116 personar	123 personar	169 personar
Gjennomsnittleg stønadslengd		93 dagar	121 dagar	103 dagar
Gjeldsrådgjeving	24 saker	14 saker	17 saker	30 saker
Brukarar i kvalifiseringsprogram	8 saker	7 saker	5 saker	7 saker

Bærekraftsmål

1 og 2: Forebygge og redusere fattigdom, ta hensyn til barns beste. Tenesta arbeider kontinuerleg med oppgåver for å førebygge og redusere fattigdom.

8: Økt inkludering i arbeidslivet: Aktivitetar og samarbeid med ulike partar for å få fleire i aktivitet og arbeid.

17: Samarbeid mellom ulike einingar. Nav har gjennom året samarbeida med ulike tenester i kommunen, næringslivet og andre aktørar/partar. Samarbeidet har vore viktig for framgang og utvikling i brukarsaker.



5 Oppvekst

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	5 OPPVEKST	Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Budsjett 2023	Regnskap 2022
1240	DIVERSE FELLEFSKJONAR	17	-	-	-
1250	IKT	7	-	-	2
2110	BARNEHAGE	91 411	92 038	89 386	79 792
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	11 535	10 833	10 833	9 586
2120	GRUNNSKOLE	133 987	123 779	123 821	120 925
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	2 088	1 099	1 099	1 382
2130	VAKSENOPLÆRING	3 159	4 475	4 475	611
2150	SKOLEFRITIDSTILBOD	5 488	3 428	2 120	3 713
2220	SKOLELOKALER	1	-	-	-
2230	SKOLESKYSS	2 200	684	684	2 249
2412	PSYKISK HELSEVERN	-	-	-	4
2423	MOT - PROSJEKTET	241	311	311	311
3830	KULTURSKULE	920	679	679	966
Sum gruppeansvar: 5 OPPVEKST		251 054	237 325	233 407	219 541

Økonomi

Netto driftsresultat for ramme 5 oppvekst 2023 er eit overforbruk på 13.729 mill. Knappe 10 million av overforbruket er knytt til lønnsutgifter i grunnskule. Vel 2 million er knytt til auka lønnsutgifter i SFO.

Ramma vart styrka med 3.760.000 (k.sak O43/23). Budsjettjusteringa var knytt til kompensasjon for redusert makspris i barnehage, gratis kjernetid i SFO også for 2. årssteg, samt auka kostnader i overføring til private barnehagar.

Alle barn og unge i Giske kommune har rett til ein trygg og god oppvekst. Omkostningane ved at nokon fell utanfor samfunnet er enorme, for den enskilde og også for familien og samfunnet. God kvalitet i barnehage og skule er forstått som ein viktig beskyttelsesfaktor. Gjennom 2023 har visjonen for ein oppvekst i Giske kommune "Det var bra eg kom" blitt meir konkretisert i einingane, gjennom utvikling av kunnskapsgrunnlag og øving på nye og betre praksisar. Gjennom sommaren og hausten kom tilsette på plass i PPT og i psykisk helseteam og laget rundt barnet og ungdommen, vart slik styrka inn mot vinteren. Slik vart også laget rundt dei tilsette i oppvekst styrka.

Å ha PPT-tilsette og helsjuepleiar med i inkluderingssteama i barnehage og i skule har bidratt til å styrke utviklinga av ein betre inkluderande praksis.

I kvardagen viser det seg at tilsette i barnehage og skule ofte erfarer å ikkje strekke til, spesielt i møte med barn og familiar som av ulike grunnar har det svært vanskeleg. Både pedagogane og andre tilsette viser stort engasjement, dei ynskjer å vere tett på, kunne variere tilnærming for utvikling og læring. Dei ynskjer tid og rom til å sjå den enkelte og alle.

Oppvekstsektoren har gjennom 2023 hatt rammer for lovleg drift i grunnskulen med minste lærarnorm, symjeopplæring for låg måloppnåing, leksehjelp og faget fysisk aktivitet.

For barnehageområdet har det vore låg grunnbemanning og utfordrande å rekruttere rett kompetanse.

Våren 2023 avslutta leiarar og stab eit tre semester langt leiarutviklingsprogram, levert av IMTEC, og i hovudsak finansiert av OU-midlar. Det har vore fagdagar og også støtte til leiargruppene i einingane.

Skulane starta hausten 2023 med skulebasert kompetanseutvikling med "Fagleg inkludering" som tema.

Befolkningsframskrivinga viser at utgiftsbehovet i grunnskulen i Giske vil vekse fram mot 2030.

Teneste 2110 Barnehage

Dei kommunale barnehagane drifta om lag i balanse.

Det går 35 færre barn i barnehage i Giske kommune i 2023, enn det gjorde i 2022. Samfunnsplanen legg til grunn at Giske kommune bør ha fleire kommunale barnehageplassar og det er igangsett arbeid med dette i form av dialog om kommunal overtaking av private barnehagar.

Teneste 2010 Førskule og private barnehagar drifta med eit underforbruk på 1,6 mill. Området fekk budsjettjustering og kostnadane for overføring til private barnehagar vart noko lågare enn berekna.

Teneste 2111 Styrka tilbod til førskolebarn

Spesialpedagogane er knytt tett opp til den enkelte barnehage, bidrar i inkluderingssteam og også i avdelingsmøte for slik å skape betre samanheng mellom det allmennpedagogiske og det spesialpedagogiske. Spesialpedagogane har også støtta barnehagane i å utvikle den analytiske praksisen, bruk av analysemodellen, gjennom å delta i inkluderingssteam og i avdelingsmøter området gjekk med eit overforbruk på ca 700 000.

Teneste 2120 Grunnskule

Grunnskule hadde eit overforbruk på 10 millionar. Overforbruket er knytt til auka lønnsutgifter. Det var forsinka lønnsoppgjjer frå 2022, lønnsvekst som også genererte auka sosiale kostnader til arbeidsgivaravgift/ forsikring. Lønnsoppgjere for 2023 innebar også tilpassing til nabokommuner av lønnsnivået for mellomleiarane i oppvekst. Tilpassing av ressursar i klasser/klassedeling har vore ein del av utgiftsbiletet både knytt til elevar som ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø, eller ikkje tilfredstillande læringsutbytte.

I 2023 var elvane frå 5. - 7. trinn saman om å bidra til Global Science Opera, etter initiativ frå Valderøy barneskule. Dette vart ei flott erfaring av meistring og kreativitet, med fleire hundre elevar på scena og mesterleg rigg frå den elevstyrte lyd og lysgruppa!

Teneste 3830 Kulturskule

Kulturskulen drifta med eit overforbruk på 241 000.

Kulturskulen er eit viktig supplement til oppvekstmiljøet i Giske kommune, med bidrag for å gjere Giske kommune til ein god plass å vekse opp, gi opplæring og meistring, samt gi barn høve til å følgje sin draumar og ambisjonar. Ein av elevane fekk tildelt det prestisjefulle Draumestipendet, eit stipend som går til unge talentfulle utøvarar innanfor kunst og kultur. Kulturskulen er eit viktig bidrag til elevar som vil utvikle talentet sitt, samt ei viktig støtte til kulturlivet i Giske kommune. Kulturskulen bidrar med kompetanse og støtte til ungdomskulen sin årlege musikal, og leverer tenester til andre einingar, noko som fører livsglede og meistring.

Teneste 2121 Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste hadde eit overforbruk på knapt 1 mill. Lisenser, symjeopplæring, kurs og opplæring vert dekt gjennom pedagogisk rettleiing. Tenesta er tett på utviklinga av varige betre praksisar for ein inkluderande oppvekst i Giske kommune, med fokus på fagleg inkludering.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Giske kommune kjøper frå august 2023 vaksenopplæringa frå Ålesund kommune. Området leverte for vel 1 million under budsjett. Elevar som tek Grunnskule for vaksne, introprogram, samt norsk og samfunnsfag, får denne opplæringa ved Ålesund vaksenopplæring.

Teneste 2150 Skolefritidstilbod

Giske har den høgste foreldrebetalinga i fylket, likevel landa netto driftsresultat på eit overforbruk på vel 2 mill. Det blir gjort årlege utrekningar av sjølvkost i SFO-ordninga. Nettokostnaden går i hovudsak til ekstra tiltak for barn med særskilte behov for oppfølging og tilrettelegging. Frå 1. august 2023 er det gratis kjernetid i SFO for elevar på 1. og 2. trinn. Dette har auka andelen barn i SFO, og fleksibelt arbeidsliv gjer at mange familiar berre bruker gratis kjernetid, noko som sterkt utfordrar ambisjonane og SFO som sjølvkostområde.

Teneste 2230 skuleskyss

263 elevar hadde tilbod om skuleskyss hausten 2023 og det var eit overforbruk på vel 1,5 mill på dette området. Skysslinja for ungdomsskulen låg igjen ved "Valderøy ungdomsskule".

Andel barn (0-18 år) i prosent av samla folketal per 31.12.2023

Som grafen over syner, er Giske framleis den mest barnerike kommunen i fylket. Av dei 8691 innbygarane var 2243 under 18 år. I 2023 vart det fødd 84 barn tilhøyrande Giske kommune. 25,8 % av innbygarane er under 18 år.

Her finn du fleire fakta om Giske: [Kommunefakta Giske - SSB](#)

Styringskort og styringsindikator

FOKUSOMRÅDE	MÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2023	RESULTATMÅL 2024	
Brukarar	God kvalitet i oppvekst	Systemretta tiltak i alle einingar for lovfeste tidleg innsats (§ 1-4)	Få av einingane har fått til å prioritere systematisk intensivopplæring	Systemretta tiltak i alle einingar for lovfeste tidleg innsats (§ 1-4)	
	God kvalitet i barnehage	*Andel tilsette med utdanning som barnehagelærar	37,9 %	50%	
		**Andel tilsette med Fagbrev	20%	33%	
	God kvalitet i skule	Systemretta tidleg innsats for god språkopplæring i barnehage	Alle barnehagar har søkt deltaking i regional kompetanseutvikling knytt til inkluderande språkmiljø.		
		Brukertilfredsheit totalt	4,4	4,6	
		*Grunnskulepoeng	41,1	45	
		Elevar på meistringsnivå 2-3, nasjonale prøver 5. trinn lesing (i prosent)	77,7 %	80%	
		Elevar på meistringsnivå 2-3, nasjonale prøver 5.trinn rekning(i prosent)	75,1 %	80%	
		Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing på 8. trinn (prosent)	78,2 %	69,5%	
		Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i rekning på 8. trinn (prosent)	78 %	63,8	
Elevundersøking trivsel (skala 1-5)	4,1	4,5			
Medarbeidarar	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærvær	6,7 %	94%	
ØKONOMI	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme	+ 6 %	+/- 0	

Berekraft, berekraftsmål nr 17, saman for å nå måla

Tilsette i oppvekstsektoren erfarer å ha bruk for eit tettare samarbeid med fokus på å utvikle likeverdige tenestetilbod i barnehage og skule. Det har vakse fram ei forståing av at kapasiteten aukar når tilsette og leing lærer saman og av kvarandre. Teknologisk kompetanse og erfaring med digitale møterom har opna opp for effektivt samarbeid internt i oppvekst, på tvers av einingar og også tverrfagleg. Eit tydeleg frampeik vil vere å utvikle god og effektiv samhandling til beste for barna som veks opp her. I denne samhandlinga vil det også vere rom for føresette, frivillige, lag og organisasjonar.



› Barnehage og styrka tilbod (førskuletilbod)

Barn i barnehage 2012-2022

Oversiktsrapport	Kommunale barnehagar	Konserneigde barnehagar	Foreldreigde barnehagar	Livssyns-barnehagar	Sum Giske kommune
Antal barnehagar	2	2	2	2	8
Antal barn totalt (0-6) år	106	194	95	133	528
Antal barn 0-2 år	39	83	33	47	202
Antal barn 3-5 år	67	108	62	86	323
Antal ansatte totalt	31,53	54,48	26,30	36,42	148,73
Antal styrarar og pedagogiske leiarar	13	23	12	17,1	65,1
Andel styrarar og pedagogiske leiarar med midlertidig dispensasjon	18,46	17,39	0	13,45	12,32
Andel styrarar og pedagogiske leiarar med varig dispensasjon	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Andel styrarar med godkjend utdanning	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Andel pedagogiske leiarar med godkjend utdanning	78,18 %	80,95 %	100 %	83,33 %	85,61

Tal frå BASIL rapportportal per 15.12.2023.

Teneste 2110 Barnehage


Giske har 6 private og 2 kommunale barnehagar. Alle barnehagebarna har full plass.

Talet på barnehagebarn har hatt ein nedgang frå 563 barn i 2022 til 528 barn i 2023. Talet på barn i dei kommunale barnehagane held seg nokolunde stabilt med 106 barn i 2022 og 110 barn i 2023. I dei private barnehagane har det vore ein nedgang frå 451 i 2022 til 422 i 2023.

Det er i 2023 ein nedgang på 29 småbarn og ein nedgang på 9 storbarn. Fordelinga mellom små og store barnehagebarn kan nok tilskrивast naturlege variasjonar i barnegruppene si samansetning, men det totale talet på barn med barnehageplass er no på nivå med talet i 2016 som var 421 barn. Framskrivingstala frå SSB spår og ein fortsatt nedgang i barnetalet totalt i kommunen i nokre år framover.



Private barnehagar har 117,2 årsverk og dei to kommunale barnehagane har 31,53 årsverk. Til saman utgjorde tilsette i barnehagane i Giske kommune 148,73. årsverk. Dette er ein reduksjon på 3,98 årsverk totalt.

Det har totalt sett vore ei positiv utvikling med ein jamn nedgang i talet på midlertidig dispensasjonar frå utdanningskravet I Giske kommune, men ved rapporteringa til Udir i desember 2023 arbeidde likevel 32,7 % av pedagogane på dispensasjon. Berre 4 av 8 barnehagar oppfylte pedagognorma utan dispensasjon. Rekruttering av barnehagelærarar er framleis svært krevjande og det er urovekkande at søknadstala til barnehagelærarutdanninga går ned, både i vårt fylke og nasjonalt.



Giske kommune har rettleiingsgrupper for pedagogar på dispensasjon og tek del i kurs i regi av Sunnmøre regionråd. Giske kommune har også tilbydd også rettleiing for nyutdanna barnehagelærarar i 2023 både internt i kommunen og som ein del av «Nytt på nytt» i regi av Høgskulen i Volda.

Giske kommune ønsker å følgje regjeringa sin strategi for utvikling av kvalitet i barnehagane og har satt eit mål om at i løpet 2025 skal 50 % (60 % i 2030) av grunnbemanninga i barnehagen vere barnehagelærarar. Dette vil fordre auka bemanning og gode strategiar for rekruttering. Giske kommune har ein lang veg å gå for å kome opp på nasjonalt nivå i forhold til å sikre at barnehagane har tilsette med relevant kompetanse og nok bemanning for å drive eit kvalitativt godt tilbod.



Utviklingsarbeidet i barnehagane har vore konsentrert om inkluderande praksis og eit godt tilpassa barnehagetilbod til alle barn. Det har vore arbeida med at den spesialpedagogiske hjelpa skal vere tett på dei barna som treng det, og spesialpedagogane er sterkare til stades i barnehagane. Målet er at alle barn og unge skal oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehagen; *Det var bra eg kom.*

Det er oppretta inkluderingsteam i alle barnehagar. Spesialpedagogisk team barnehage og helsestasjon har bidratt med tverrfagleg blikk inn i analysearbeidet i inkluderingsteama. PPT fekk fleire nyttilsette gjennom hausthalvåret og har og byrja å bidra inn i inkluderingsteama. Dette er eit sentralt tiltak på vegen mot god tverrfagleg samhandling der laget rundt barnet saman har fokus på barnet og for barna sitt beste.

Alle barnehagar har fått tilbod om å vere med på regional kompetanseutvikling. Tre av barnehagane har teke del i dette arbeidet. (Frå 2024 blir alle barnehagane med på dette). To har arbeida med «Barn si språkutvikling og språkvanskar» ein har arbeida med «Tilrettelegging for lek». Det blir peika på av barnehagane at låg grunnbemanning, få tilgjengelege vikarar kombinert med høgt sjukefråvær gjer det vanskeleg å frigjere personell til utviklingsarbeid og kompetanseheving.

Teneste 2111 Styrka tilbod til førskulebarn

Styrka tilbod til førskulebarn omfattar både spesialpedagogiske tiltak og tilrettelegging for barn med særlege behov. Spesialpedagogane i førskule er tilsett i kommunen, med 5,6 årsverk i 2023. Av dette er 0,3 årsverk statleg finansiert til arbeid med minoritetsspråklege barn, gjennom øyremerka tilskot. Det er avsett 0,4 årsverk til teamleiar, som har ansvaret for å fordele arbeidsoppgåvene for spesialpedagogane og følgje opp arbeidet med tilbodet i barnehagane. Spesialpedagogane bidrar i utviklingsarbeid som BU modellen, TALK (nettverk for barn med autisme) og nettverk for barn med forseinka utvikling. Det er fagleg vurdert som tenleg å knytte spesialpedagogane tettare opp mot barnehagane for at deira kompetanse kan bidra inn i å forbetre kvaliteten i det allmennpedagogiske, utvikle betre samheng mellom det spesialpedagogiske og det allmennpedagogiske og slik styrke den inkluderende praksisen.

I vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir det, etter sakkunnig vurdering, sett inn spesialpedagog. I tråd med enkeltvedtak og vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne styrker barnehagen si bemanning. Dei private barnehagane får refusjon frå kommunen når dei etter vedtak tilsett ressursassistent.

Kostra barnehage

Nøkkeltall 2023	Eining	Giske	Ålesund	Sula	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 1-2 år	prosent	90,7	90,2	100,9	88,9	88,8
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 1-5 år	prosent	96,6	94,5	98,9	93,7	94
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 3-5 år	prosent	100,6	97,5	97,7	96,7	97,3
Andel barn i kommunale barnehagar i forhold til alle barn i barnehage	prosent	20,1	30,3	44,9	56,2	50,1
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehagar	antall	5,9	5,8	5,9	5,7	5,7
Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning	prosent	37,9	41,1	41,3	43	41,3
Andel barn i kommunale barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp	prosent	4,7	5,4	4,3	3,7	4
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehagar (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehagar	kr	110,9	99,4	92,2	94,3	97,2
Andel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år	prosent	91,4	83,6	86	82,4	85,8
Netto driftsutgifter barnehagar i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	prosent	17,5	15,7	17,7	13,6	14,2
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år	kr	203 075	203111	220,708	211 762	211 694
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehagar	kr	79	74,9	72,7	76,6	76,2



› Grunnskule, SFO og skuleskyss

Grunnskular

Giske har 5 grunnskular: Godøy skule, Vigra skule, Valderøy barneskule, Giske skule og Giske ungdomsskule.

Elevtalsutvikling

Elevtal per 1. oktober 2023

	1.-4. klasse	5.-7. klasse	8.-10. klasse	SUM
Vigra skule	112	73	0	185
Valderøy barneskule	259	176	0	435
Giske skule	62	31	0	93
Godøy skule	86	54	0	140
Giske ungdomsskule		0	351	351
Totalt	519	334	351	1204

Grunnskule

Grunnskuletenestene kosta i 2023 netto 133 mill. kroner.

Kostnaden til funksjon 202 grunnskule netto driftsutgifter pr. innbyggjar 6-15 år, var i 2023 145 404 kroner, 29 % av netto driftsutgifter. Vi har no høgare prioritet for grunnskule enn Ålesund og Sula.

- Grunnskuletenesten leverte på minste lærarnorm, med opplæring i alle fag.
- 8 av 120 tilsette i lærarstilling hadde ikkje godkjent lærarutdanning per 1. oktober 2023.
- Det har vore krevjande for skulane å prioritere tidleg innsats i form av ulike intensivkurs i t.d. lesing og matematikk etter § 1-4, dette vart tema for budsjett 2024.
- Leiarutviklingsarbeidet i oppvekst vart avslutta i mai 2023.
- Alle skulane er med i skulebasert kompetanseutvikling knytt til Fagleg inkludering i partnerskap med Høgskulen i Volda.
- Godøy skule fekk etablert nytt leikeområde med betre tilrettelegging for dei yngste elevane.
- Arbeid med å bygge ny skule på Vigra er i planprosess
- Det vart løyvd investeringsmidlar for utstyr til to nye opplæringstilbod ved Giske ungdomsskule TV-studio og E-gamingrom.

Spesialundervisning - varige betre praksisar

I løpet av 2023 vart det tilsett avdelingsleiar og to saksbehandlarar i PPT, eit heilt nytt PPT altså. PPT har jobba for å løyse ventelisteproblematikken og slik lukke avvika som låg på vent. Grunna vakanser i PPT har mange elevar venta lenge på sakkunnig vurdering.

Manglande kontinuitet og redusert omfang i den tidlege innsatsen, td lesekurs, låg grunnbemanning i barnehage, matematikk-kurs og to-lærarsystem, synes å bidra til å generere auka spesialundervisning i Giske kommune. Auken skjer i hovudsak hos dei eldste elevane i form av mange små vedtak. Gjennom å betre kvaliteten og gjennom å utvide omfanget av den tidlege innsatsen, i tråd med § 1-4, vil behovet for spesialundervisning bli redusert på sikt.

Det har også i 2023 vore eit gjennomgåande fokus på kompetanseutvikling knytt til inkluderande praksis for alle tilsette i oppvekstsektoren og med utgangspunkt i leiargruppene. Det er også lagt eit godt grunnlag for betre tverrfagleg innsats gjennom utvikling av BTI-modellen. Timar gitt til spesialundervisning i 2022 tilsvarar 25 % av det totale undervisningstimetalet, noko som må sjåast i samanheng med den låge prioriteringa av ressursbruken i grunnskule. Dei nasjonale tala er 18,2%.

Andel elevar med vedtak om spesialundervisning

Andel av undervisningstimar til spesialundervisning av undervisningstimar totalt

SFO - Skulefritidsordning

Det er SFO-ordning ved alle barneskulane i kommunen. SFO er meint å vere sjølvfinansierande med unntak av ekstra kostnader til barn som treng særskild tilrettelegging. Månadsprisen er 3.585 kroner for full plass. Dette er den høgaste foreldrebetalinga i fylket, noko som *kan* vere ei medverkande årsak til at ein relativt mindre del av elevar i 2.-4. årstrinn har SFO. Berre 7% av 4. klassingane nyttar seg av SFO-tilbodet, 34 % på landsbasis. (sjå grafen nedanfor).

I samarbeid med selskapet Envidan blir det kvart år gjort sjølvkostkalkyler i høve til SFO-tilbodet. Kostnader til stabsfunksjonar og ekstra tiltak for barn med særlege behov blir haldne utanfor.

Frå 1. august 2020 vart det innført to moderasjonsordningar: Redusert foreldrebetaling for foreldre med barn på 1. og 2. klasstrinn. Foreldrebetalinga per barn skal maksimalt utgjere seks prosent av inntektene til hushaldninga. Barn med særskilte behov på 5.-7. trinn har rett til gratis SFO.

Frå august 2023 har både 1. og 2. klassingar tilbod om gratis kjernetid på 12 timar per veke. Vi ser ei markant auke av barn i SFO.

Nettokostnadene til SFO har auka kraftig dei siste åra og frå 2023. Gratis kjernetid for elevar på 1. og 2. årssteg kombinert med fleksible arbeidstidsordningar, gjer at fleire familiar greier seg med gratis kjernetid. Kommunen prioriterer også tilrettelegging med tett oppfølging av barn med særskilte behov for tilrettelegging.

Foreldrebetalinga for SFO var med 3.585 kroner for heil plass den høgaste i fylket.

	Tal på barn i SFO	Tal på barn med full SFO-plass	Tal på barn i SFO	Tal på barn med full SFO-plass	Tal på barn i SFO	Tal på barn med full SFO-plass	Tal på barn i SFO	Tal på barn med full SFO-plass
Skule \ år	20-21	20-21	21-22	21-22	22/23	22/23	23/24	23/24
Giske skule	22	17	35	17	39	16	35	17
Godøy skule	37	25	39	15	37	18	52	14
Valderøy barneskule	131	65	124	50	124	64	146	74
Vigra skule	58	30	55	33	55	30	59	41
SUM	248	137	253	115	255	128	292	146

Tal frå GSI per 1.10.23

Andel elevar med SFO-tilbod, Giske kommune/landsoversikt

Prosent

Skuleskyss

Fylkeskommunen organiserer både ordinær skyss og tilpassa skyss for elevar med særlege behov. Kommunen betaler ein eigenandel som tilsvarer enkeltbillett på buss etter ordinær takst, både for ordinær skyss og tilpassa skyss. Dette gjeld òg skyss for elevar ved private skular, der kommunen betaler skyss til kommunegrensa. Elevar med delt bustad kan ha rett til skyss frå begge heimane. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa 2 km, for eldre elevar er skyssgrensa 4 km.

I hausthalvåret hadde til saman 289 elevar rett til skyss. Totalkostnaden var 2.249.000 kroner.

Kostra grunnskule 2023

Nøkkeltal	Eining	Giske	Sula	Ålesund	Kostragr.1	Landet utan Oslo
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	Antal	25,3	64,5	25,9	46,6	36,7
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning	Antal	152,2	120,2	149,4	138,2	146,2
Elevar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring	Prosent	4,2	2,8	7	5	5,9

Nøkkeltal	Eining	Giske	Sula	Ålesund	Kostragr.1	Landet utan Oslo
Elevar i kommunale og private grunnskuler som får spesialundervisning	Prosent	8,8	9,1	9,6	9,7	8,1
Elevar på mestringnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn	Prosent	76,9	55,1	59,2	62,1	64,3
Elevar på mestringnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn	Prosent	66,0	69,3	63	64,3	64,9
Gruppestorleik 2	Antal	15,3	17,2	16,9	15,1	15,6
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	Antal	41,1	42,2	42,8	41,4	42,2
Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samla netto driftsutgifter	Prosent	29,0	25,4	24,2	24,2	23,2
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år (kr)	Kroner	145 407	126 593	138 245	154 431	147 486



› Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste har ei 100% stilling for å arbeide med kvalitetsutvikling i skulen, innovasjon og oppfølging av driftsoppgåver som verksemdsplan, tverrsektoriell samhandling, skuleleiarmøte og regionsmøte i SR-Oppvekst (Sunnmøre regionsråd, oppvekst). Pedagogisk rettleiar har også ei sentral rolle i arbeidet med å samle oppvekstsektoren om å utvikle ein inkluderande praksis. Kompetansereformen fordrar varige betre praksisar og valgt visjon er "Det var bra eg kom". Arbeidet med Oppvekstreform og Fagfornyng er også fokusområde i pedagogisk rettleiing. Ca 25 % av denne stillinga har i 2022 gått til arbeid med opplæringstilbod til flyktningar.

Stillinga som pedagogisk konsulent i rådmannens stab har stått vakant sidan hausten 2018. Vakansen har særleg fått konsekvensar for kritisk oppfølging for digitalt pedagogisk systemarbeid. Vakansen har gått ut over kapasiteten til å løyse lovpålagde oppgåver, samt å vere ein nødvendig støttefunksjon for skulane. Vakansen har også redusert kapasiteten for lovpålagd tverrfagleg samhandling knytt til m.a kompetansereform, oppvekstreform.



› Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar **opplæring i norsk og samfunnskunnskap** for innvandrarar og flyktningar med rett til opplæring etter § 17 i [introduksjonslova](#) eller integreringslova kap. 6, samt **grunnskuleopplæring for vaksne**, eventuelt realkompetansevurdering på grunnskuleområdet etter [opplæringslova kap. 4A](#). Per 15. oktober 2022 var det 30 deltakarar på norskopplæring og 5 deltakarar på grunnskuleopplæring.

Giske kommune forlenga ikkje avtalen med Hareid kommune knytt til kjøp av vaksenopplæring, med ønske om å sende ut nytt konkurransegrunnlag til Ålesund og også Hareid kommune.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Mottokne tilskot 2023	
Grunntilskot for 30 personar	1 452 877
Persontilskot for 2 personar	626 200,-
Ekstra tilskot pga. korona	
Samla tilskot 2023	



› 6 Barn, familie og helse

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	6 BARN, FAMILIE, HELSE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2023	2023	2023	2022
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	235	251	251	114
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	439	1 092	1 092	904
2120	GRUNNSKOLE	2 645	2 490	2 490	2 509
2130	VAKSENOPLÆRING	113	283	283	201
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	7 020	6 908	6 908	5 713
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	887	758	758	756
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 660	1 260	1 260	1 141
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	14 934	14 557	14 557	14 969
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	5 997	5 221	5 221	5 650
2412	PSYKISK HELSEVERN	560	1 085	1 085	1 342
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	- 134	- 72	- 72	- 140
2421	FLYKTNINGKONTOR	4 025	3 620	2 720	3 154
2440	BARNEVERN TENESTE	7 795	7 382	7 382	6 817
2510	BARNEVERN TILTAK I FAMILIEN	2 136	3 006	3 006	2 479
2520	BARNEVERN TILTAK UTANFOR FAMILIEN	7 289	5 659	5 659	4 285
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	2 448	2 556	2 556	2 542
2750	INTRODUKSJONSORDNINGEN	4 068	3 888	2 388	1 371
Sum gruppeansvar: 6 BARN, FAMILIE, HELSE		62 117	59 944	57 544	53 807

Økonomi

Regnskap for ramme 6, Barn, familie og helse, viser eit meirforbruk med kr 2 173 000 ut frå endra budsjett. Ramme 6 fekk tilført kr 2,4 mill gjennom budsjettendring ila året, dette grunna auke i tal flyktningar frå 15 til 43.

Årsak til meirforbruk er knytt til institusjonsplassering barnevern kr 1,6 mill, høgare utgifter til mottak av flyktningar enn budsjettert og bruk av vikarlege.

Oppvekstreforma/barnevernsreforma tredje i kraft frå 1.1.2022. Kommunen har fått ansvar for institusjon og fosterheimsarbeid som barneverntenesta må handtere, ut over det ligg reforma til heile organisasjonen å følgje opp. Det krev mellom anna tett samarbeid mellom ei rekke tenester. Mange av oppgåvene vert løyst gjennom satsinga Betre tverrfagleg samhandling (BTS).

Kommunestatestikken viser at 28% av innbyggjarane i Giske kommune er mellom 0-20 år. Det er framleis nasjonal satsing på helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste. Desse tenestene søker vi tilskot til frå stat for å styrkje bemanninga. Betre tverrfagleg samarbeid (BTS) er eit overordna satsingsområde i Giske kommune. Prosjektet vert finansiert gjennom tilskot frå Bufdir. Arbeidet er forankra både politisk og administrativt. Arbeidet skal treffe fleire lovkrav og reformer som er retta til kommunen å handtere. Kommunen vil framover ha stort fokus på tidleg innsats og førebyggjande arbeid til barn og unge ein er bekymra for.

Giske kommune deltek i interkommunalt samarbeid og kjøper tenester hjå andre kommunar knytt til legevakt natt, barnevernvakt, krisesenter og overgrepsmottak.

Kommunen har fått tilført nye og fleire oppgåver dei siste åra. Det følgjer ikkje alltid med økonomiske midlar til å gjennomføre oppgåvene, kommunen må handtere dette med eksisterande ressursar. Tenestene gir tilbakemelding om stor arbeidsmengd og slitasje over tid.

Fastlegeordninga, som er krevjande i mange kommunar i landet, har vore stabil i Giske kommune i 2023. Legesenteret hadde ein kort periode innleigd vikarlege.

Driftstiltak 2023:

- Halde stilling vakant 10 mnd, psykolog.
- Oppretting 20 % barnekoordinator
- Auke i utgifter til fastlegeordninga
- Flyktning, Ukraina. Fellestiltak med ramme 4 og 5.
- Samhandling for rette tenester. Fellestiltak med ramme 5, 4 og 7.

Tiltaka vart gjennomført, tiltak om barnekoordinator som er under arbeid.

Dei største utfordringane for eininga i 2023:

- Fleire stillingar i tenestene har stått vakante i store deler av året for å nå målet om innsparing, Dette har ført til stor belastning på tilsette og leiarar. Særleg i tenesta PPT.
- Rekruttere og behalde fagpersonell.
- Mottak, busetting av nye flyktningar.
- Sjukefråvær, 13% i 2023. Fører til auka slitasje i tenestene.
- Styrke den tverrfaglege og koordinerte innsatsen til utsette barn og unge.

Styringskort

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2023
Brukarar	Opplevd god kvalitet i barnevernstenesta	Brukarundersøking. Halde snitt i Noreg innan andel barn med barnevernstiltak. 4 avviksmeldingar kvart år som gjeld saksbehandling	Under arbeid.
	Ei god fastlegeordning	Rekruttere og behalde fastlegar. Ledig kapasitet på fastlegelistene.	Full fastlegedekning. Kommunen har etablert ny fastlegeheimel,
	Betre koordinerte tenester	Utarbeide retningslinjer for gjennomføring av tverrfaglege møter og koordinatorrolla. Delta og følgje opp arbeid i prosjekt "Betre tverrfagleg innsats" (BTI). Felles digitalt verkty for individuell plan og individuell opplæringsplan.	Kommunen har i nytt digitalt samhandlingsverkty, DIPS. Verktøyet er under utrulling. Arbeid med etablering av ny avdeling samhandling og koordinering. Tilsetting av leiar. BTI under utrulling. Etablert Samhandlingsteam for god oppvekst, innsatsteam. Plan for førebygging er vedteke.
	Digitale søknader til omsorgstenestene	Digital søknad er på plass innan 2023	Målet er ikkje nådd, Kommunen har fått på plass SvarUT, som gjer det mogleg å sende digitale svar ut. Jobbar vidare med digitalt skjema.
Oppvekstreforma/barnevernsreforma tredje i kraft frå 1.1.2022. Gode system	Internkontrollsystem som viser korleis vi handler ved bekymring.	BTI modellen er innført og Plan for førebygging av omsorgssvikt vart vedteken haust -23. Etablert	

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2023
Medarbeidarar	for å fange opp tidleg tegn på skeivutvikling.		Samhandlingsteam for god oppvekst og innsatsteam i barnehagane. Samhandling og koordinering, overordna arbeid pågår.
	Kompetanseutvikling i alle tenester	Kompetanseplan	Under arbeid.
	Sjuefråvær skal ikkje overstige 5%	Følgje opp fråværs-statestikk, rapporteringar. Setje iverk tiltak. Samarbeid med tillitsvalde og verneombod.	Målet ikkje nådd. Sjukefråveret i eininga i 2023: 13%
Økonomi	Effektivisere drifta i eininga. Kontinuerleg forbetring.		Kontinuerleg arbeid.
	God økonomistyring	Avvik i % av netto driftsramme. Levere rapport kvar månad	Regnskapet for 2023 viser eit avvik meirforbruk 3,6%

Oversikt tal årsverk i eining Barn, familie og helse

Teneste	2020	2021	2022	2023	Merknad
PPT, logoped	3,8	4,3	4,3	4,3	Logoped 30%
Helsestasjon, jordmor	10,3	10,3	10,3	9,6	
Legetenesta	2,58	2,58	2,58	2,13	5 tilsett, 11 fastlegeheimar, 1 LIS-1-lege
Fysio/ergo/kvardagsrehab/velferdstekn.	6,6	6,6	6,6	6,9	
Psykisk helseteam barn og unge	2	2	2	1	1 psykolog i permisjon
Barnevernstenesta	7	7	8	7	
Tildelingskontor	3,8	3,8	3,8	3,8	
Flyktingtenesta	1	1	2,5	2,5	Auka 1,5 grunna auka mottak av flyktingar Ukraina
Totalt årsverk	36,98	37,48	39,68		

Berekraftsmål

Berekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Eininga har sett i verk ulike rutiner og retningslinjer og følgd nasjonale krav og føringar. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for å møte utfordringar på best måte. Giske kommune har eit godt samarbeid med Giske kommunale legesenter for å yte best mogleg samanhengande tenester.

Berekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla. Prosjekt "Betre tverrfagleg samhandling" er viktig arbeid mellom oppvekst, helse og omsorg. Elles samarbeider tenestene både internt i eininga og med tenester i andre sektorar.

Kostratal 2020

Kostratal vert presentert under tenestecområda.

› Barnevernstenesta

Meldingar: 80. Henlagt etter undersøking: 27, Fristbrot i undersøkingssaker: 0%, Barn med tiltak: 50, Barn under omsorg: 3, Barn i institusjon: 3, Barn vi fører tilsyn med: 9.

Tenesta har vore prega av eit høgt sjukefråver i 2023, med 19,4%. Trass det har tenesta likevel i stor grad klart å halde saksbehandlingsfristane. Vi ser konsekvensane av det høge sjukefråver, med dårlegare framdrift i enkelte saker og mindre kontinuitet med stadig skifte av saksbehandlarar. I tilknytning til ny barnevernlov er det gjennomført opplæringspakke for tilsette. Barnevernsreforma fører m.a. til at kommunen har større ansvar for oppfølging og styrking av fosterheimane. Dette har kommunen løyst ved å samarbeide med andre kommunar og det ser ut til å fungere godt. Ålesund, Sula, Giske, Herøy, Vanylven, Sykkylven og Stranda tilbyr kunnskapsbasert gruppeveiledning på tvers av kommunane det første året barn bur i fosterheim. Veiledninga vert gitt i Ålesund og Volda.

Kostra, Barnevern 2023

Nøkkeltall	Eining	Giske	Kostragruppe	Landet utan Oslo
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar	kr	2 165	2 803	2 954
Brutto driftsutgifter pr. barn med undersøking eller tiltak	kr	85 824	99 798	86 764
Netto driftsutgifter pr. barn som er plassert av barnevernet	kr	731 700	498 848	541 470



› Fysio-ergoterapiteneste, kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi, hjelpemiddellager

- Kvardagsrehabilitering: 138 brukarar
- Ergoterapi: 89 brukarar
- Fysio: 179 brukarar
- Kommunal hjelpemiddelformidling: 127
- Velferdsteknologi: 195

Kvardagsrehabiliteringsteamet har gjennomført førebyggjande tiltak som t.d balansegruppe. Teamet har også eit tett samarbeid med omsorgstenesta for å auke fokus på hjelp til sjølvhjelp i utøving av tenestene. Stilling 50% koordinator for velferdsteknologi vart frå hausten 2023 fast. Satsinga er viktig for å sikre at investeringar og utvikling innan velferdsteknologi held fram. Koordinator arbeider tett ilag med omsorgstenestene for å styrke kompetansen i bruk av velferdsteknologi, samt sikre at dei er trygge i bruk, både teknisk og i høve personvern. Giske kommune inngjekk hausten 2023 avtale ilag med omkringliggende kommunar, ny avtale med leverandørar om velferdsteknologiske verkty.

Giske kommune har to fysioterapeutar med driftstilskot.

Kostratala viser at kommunen ligg langt under kostratala til samanliknbare kommunar, kostragruppe 1 og landet.

Kostratal fysioterapi 2023

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Sula	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere	Årsverk	6,1	8,8	11	9,8

› Skulehelseteneste, helsestasjon og jordmorteneste

Ca 2000 barn mellom 0-6 år får oppfølging av helsestasjon.

I 2023 var det 84 fødsler, 4 fødte er nyttilflytta.

Ut frå helsestasjonen sine register:

- **38** born 0-15 år (25 familiar) har flytta til Giske kommune i 2023
- **15** av borna er utanlandske (8 familiar).
- **33** born 0-15 år (19 familiar) har flytta frå Giske kommune i 2023

Tal oppfølging jordmor: 92

På grunn av høgt sjukefråvær, 11,8% totalt i 2023, har det vore utfordringar med å gjennomføre planlagte aktivitetar. Spesielt har dette ført til redusert kapasitet i skulehelsetenesta ved ungdomsskulen, og det har vore redusert tilbod om foreldrerettleiingsgrupper. Det blir løpande vurdert tiltak og endring av prioriterte oppgåver for å redusere konsekvensane av høgt sjukefråvær. Kommunen har hatt tilstrekkeleg tilgang på jordmorkompetanse. Kommunen har 1,9 stillingar finansiert av tilskotsmidlar, derav 40% styrking av jordmortenesta.

Kostratal Helsestasjon- og skulehelseteneste, 2023

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Sula	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjerer	Årsverk	44,5	50,2	57,4	53
Andel nyfødde med heimebesøk helsesjukepleiar	Prosent	90,5	94,7	94,2	88,4



› PPT og logopedteneste

PPT

Tal saker: 61, Fristbrot: 46

2023 vart eit veldig krevjande driftsår for pp- tenesta då 4 av 4 tilsette slutta i løpet av året. Dette førte til at mange saker vart ståande på vent og vi fekk alvorleg mange fristbrot. Rekrutteringsarbeidet viste seg å vere krevjande, med fleire rekrutteringsrunder før tilsette med naudsynt kompetanse var på plass. I løpet av hausten 2023 vart det tilsett avdelingsleiar og to rådgjevarar. Den siste rådgjevaren starta i januar 2024. Det vart sett verk i fleire tiltak for å redusere konsekvensane av situasjonen som kjøp av tenester frå nabokommuner, kjøp av private tenester, intern rekruttering med tilrettelegging av kompetanseheving. Vi lukkast med å få avtale med ein privat leverandør av rådgjevartjenester i om lag 80% stilling i perioden februar til juli som reduserte noko av fristbrota, spesielt på barnehageområdet.

Logopedteneste

Giske kommune gjennomførte kutt i logopedtenesta i 2021. Kommunen har per i dag ikkje tilsett logoped, men kjøper denne tenesta. Kommunen er pliktig til å yte tenester til barn og unge med rett etter opplæringslova.



› Legetenesta

Tal listepasienter pr. 31.12.23: 8546

Kommunen har full legedekning med 11 fastlegar med avtaleheimel + 1 turnuslege (LIS1). Den siste heimelen vart oppretta i oktober 2023. Kapasiteten er god og det er ledig plass på dei nyoppretta listene. Ingen av fastlegane har listelengde over 1000, listelengda ligg mellom 750 og 900 pasientar per lege. Kapasiteten ved legesenteret er sprengt og det vil ikkje vere mogleg å etablere enda ein fastlege i eksisterande lokaler. Basistilskotet har auka slik at det er økonomisk mogleg for fastlegane å ha kortare lister. Dette er ei nasjonal satsing for å redusere arbeidspresset på fastlegane og eit tiltak for å rekruttere og behalde.

› Psykisk helsearbeid

Tenesta har opprinneleg to stillingar, ein psykolog og ein familiterapeut, men grunna permisjon psykolog og ikkje lykkast å tilsette i denne, har tenesta blitt drifta av 1 årsverk i 2023. 70 born, unge og familiar fekk tilbod av tenesta i 2023. Det har vore litt ventetid grunna vakant stilling. Tal viser ei ganske stor breidde i saker som blir henvist frå lettare til moderate angst- og depresjonsplager, til meir alvorlege plager som vanskar med å gå på skule, traumer, overgrep og kjønnsidentitet. Støtte til foreldre og andre omsorgspersonar er ein viktig del av arbeidet i teamet.



› Flyktingtenesta og introduksjonsprogrammet

Giske kommune vedtok i Hanslings- og økonomiplan 2023 å ta i mot 15 nye flyktingar. Grunna auka behov for mottak av flyktingar gjorde Giske kommune nytt vedtak å ta i mot 50 nye flyktingar i 2023. Flyktingtenesta hadde 2,5 årsverk og fekk tilført ila året ytleger 1 årsverk for å klare å følgje opp oppgåvene.

2023 har vore eit svært krevjande år for flyktingtenesta. Kommunen tok imot 49 flyktingar i 2022 og 43 nye flyktingar i 2023. Kommunen har ikkje tilstrekkeleg kapasitet på kommunale bustadar. Dei fleste av flyktingane har inngått private leigeavtalar. Tilsette rapporterer om ein stadig meir utfordrande leigemarknad på grunn av det høge talet på flyktingar som kjem samtidig. På grunn av krigen i Ukraina er det venta ein auke i etterspurnaden etter kommunale tenester i tida som kjem. Giske kommune har vedtatt mottak av inntil 65 nye flyktingar i 2024. Flyktingtenesta samarbeider tett med fleire tenester både i kommunen, NAV, legesenteret og vaksenopplæringa.



7 Pleie og omsorg

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2023	2023	2023	2022
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	791	101	-	1 330
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	4 253	4 044	4 044	3 632
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	1 292	1 172	1 172	1 170
2412	PSYKISK HELSEVERN	2 464	2 919	2 919	2 502
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 737	1 716	1 716	1 817
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	10 729	10 473	10 473	9 762
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	382	422	422	371
2533	VIGRA OMSORGSSENTER - FJELLRO/NORDSTOVA	516	-	-	-
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	47 833	50 752	50 738	55 765
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	11 316	12 739	11 739	13 919
2543	AVLASTNING	16 999	14 938	14 938	16 501
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	6 869	6 443	6 443	6 942
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	12 405	11 677	11 677	11 411
2546	GISKE OMSORGSSENTER	30 801	29 935	29 935	30 590
2547	Godøy Bukollektiv	9 995	9 479	9 479	9 107
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	32 525	34 666	24 539	34 881
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	664	806	806	549
Sum gruppeansvar: 7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL		191 574	192 280	181 039	200 249

Tenestene innan ramme 7 vert ytt av Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt , Valderøy omsorgsdistrikt, eining Meistring og psykisk helse. I tillegg ligg eit ansvarsområde knytt til utskrivingsklare brukarar og øyeblikkelig hjelp døgntilbod (ØHD).

Økonomi

Rekneskapet viser eit samla mindreforbruk på kr 706 000 for 2023. Rammeområdet vart tilført kr 9 mill gjennom budsjettendring ila året.

Ramme 7 hadde samla driftstiltak på kr 22,1 mill i 2023. Tiltaket vart arbeidd med gjennom Leanprosjektet, Pleie- og omsorgstenester i takt med framtida. Samla effekt av tiltaka vart kr 14 mill. Største effekten kom ved omlegging drift av tenester for brukargruppa andre i hovudsak eldre, med om lag kr 10 mill og omlegging drift av tenester til brukargruppa psykiatri og rus med om lag kr 4 mill. Kostra-tal for 2023 viser at pleie og omsorgstenestene i Giske kommune ligg under Ulstein kommune og langt under Sula kommune og kostragruppe 1. På kommunebarometeret 2023 kom Giske kommune på 1. plass i Møre og Romsdal og på 11. plass i Noreg.

Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050 vart vedteken i Giske kommunestyre juni-22.

Følgjande strategiar vart vedteke:

- Heilskapleg bustadpolitikk for helse, meistring og trivsel
- Heilskapleg tenesteutvikling
- Samskapingskommunen Giske

Sjå strategien her: [strategi-bu-og-tenestetilbod-helse-og-omsorg-2050.pdf \(giske.kommune.no\)](#).

Kommunen har jobba intenst gjennom leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida, for å operasjonalisere strategiane og iverksette tiltak med effekt frå 2022 og vidare i åra som kjem. Kommunen har arbeidd ut at dekningsgrad for heildøgn somatikk er 16,5%, ein nedgong frå 21%. Dette utgjør bruk av inntil 60 heildøgns plassar ved omsorgssentra. Kommunen har utarbeidd tydelege tildelingskriterier, der ein no tildeler tenester etter behov og ikkje fordi kommunen har ledig kapasitet. Likeverdig behandling av innbyggjarane har stort fokus i dette. Tildelingskriterier er også utarbeidd for heimebaserte tenester, heildøgn psykiatri/rus og ambulant tenester. I leanprosjektet vert det arbeidd med områder som pasientflyt og samhandling, turnus og vaktinnleige, turnus, organisering og døgnrytme. Leanprosjektet skal arbeide med alle tre brukargruppene, andre i hovudsak eldre, psykiatri/rus og mennesker med nedsett funksjonsevne. Brukargruppa mennesker med nedsett funksjonsevne vart starta arbeid med frå hausten -23 og vil fortsetje i 2024.

Einingane har arbeidd kontinuerleg med å justere drifta etter kvart det har kome til ikkje budsjetterte utgifter. Likevel dekkjer ikkje tiltaka dei auka utgiftene. Kommunestyret vart gjennom heile 2023 informert om dei økonomiske utfordringane som låg i ramme 7. Høgt sjukefråvær i enkelte avdelingar har ført til auka bruk av overtid. Overbelegg og kompliserte brukarsituasjonar har ført til auka behov for ekstra personell ut over normal bemanning. I tillegg har vi i enkelte tenester utfordring med å rekruttere kompetanse og generelt personell. Kommunen hadde ei kort periode bruk av vikarbyrå.

Giske kommune gjennomførte ei økonomisk kartlegging av pleie og omsorgstenestene i januar 2022, utført av Agenda kaupang. Dette gav grunnlagsinformasjon til Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Rekneskap 2021 vart lagt til grunn. Kartlegginga har gitt kommunen god dokumentasjon som vi må nytte vidare i arbeidet for å møte framtida sine utfordringar på best mogleg måte. Om vi fortset å yte pleie og omsorgstenestene som i dag er det venta ein vekst i behov for pleie og omsorgstenester dei neste 30 åra med om lag 150%.

Dei frie inntektene til Giske kommune er lavare enn landsgjennomsnittet, det betyr at kommunen må bruke mindre ressursar enn andre kommunar. Giske kommune har ein lavare andel innbyggjarar under 67 år og over 80 år. Behovsnøkkelen innan pleie og omsorg er lav. Behovsnøkkelen for psykisk utviklingshemma er lav, dette omhandlar innbyggjarar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemma som mottar helse- og omsorgstenester. Giske kommune har netto driftsutgifter innan pleie og omsorg som ikkje samsvarer med dei frie inntektene kommunen får. KOSTRA-nøkkeltal 2021, viser at Giske kommune har lavare netto kostnader enn andre kommunar i KOSTRA-gruppe 1 og lavare enn snittet i Noreg. Grunna at vi er ei lavinntekstkommune, må kostnadane til kommunen vere lave.

Giske kommune har ei høg bustadgjering av tenestene og lav ressursbruk inn i dei tidlege trinn i omsorgstrappa. Giske kommune har lav andel sjukeheimplassar med forholdsvis lav kostnad. Kommunen si samla utgift til eldre er lav. Dekningsgrad innan tilbod om bustad med moglegheit for døgnteneste er høgare enn samanliknbare kommunar. Kostnadane er høgare enn samanliknbare kommunar. Giske kommune har høge driftsutgifter til barn og unge med utviklingshemming. Hovudvekta av utgiftene vert nytta i barnebustad. Vi har få plassar og lav bemanning i avlastning institusjon barn og unge under 18 år. Bruttoutgiftene oppleves å vere høge og hovudvekta vert nytta på tenester i bustad.

I underkant av 60% av utgiftene til pleie og omsorg vart i 2021 brukt på brukargruppa andre i hovudsak eldre. 35% av utgiftene til denne målgruppa går til ulike bustadtilbod med moglegheit for døgntenester. I 2021 gjekk rundt 34% av utgiftene innan pleie og omsorg til mennesker med psykisk utviklingshemming. Hovudvekta vart nytta til vaksne. I underkant av 6% av dei totale utgiftene innan pleie og omsorg vart nytta til mennesker med psykiske helseplager og rusrelatert sjukdom.

Giske kommunestyre vedtok driftstiltak på kr 22 mill for ramme 7 i 2023, der kommunen klarte å innfri kr 14 mill. For at Giske kommune skal klare å levere lovpålagte tenester i tida framover, vert framhald i leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida, som starta opp i 2022, svært viktig.

Styringskort

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2023
Brukar og tenesteutvikling	Pleie og omsorgstenester i takt med framtida	Gjennomføre tiltak innan Leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Venteliste heildøgn, kostnader utskrivingsklare pasientar ved helseføretaket, tal brukarar og tal tildelte tenester.	Kommunen har ikkje overskriding av dekningsgrad 16,5% heildøgn somatikk. Ikkje venteliste på heildøgns plass. Sjå tabell tal brukarar og tal tenester. Dekningsgrad 5 heildøgns plassar psykiatri/rus er fulgt opp. Har etablert ambulant teneste psykiatri/rus. Pleiefaktor: nådd mål. Kommunen har hold budsjett i høve utskrivingsklare brukarar.
Medarbeidarar	Nærvær 93%	Sjuefråværsstatistikk. Jobbe kontinuerleg med nærværstiltak.	Sjuefråvær samla i ramme 7; 11,4%
	Kommunen klarer å rekruttere nødvendig kompetanse	Oversikt stillingar og funksjonar	Klarer stort sett å rekruttere nødvendig kompetanse. Har vore utfordrande å skaffe sjukepleiarkompetanse på Vigra og Godøy omsorgssenter. Utfordrande å skaffe nødvendig kompetanse til sommaravviklinga.
Økonomi	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme. Månadleg rapportering	Målet er nådd. Avvik mindreforbruk -0,37% etter endra budsjett.

Tal brukarar innan helse og omsorg 2012 -2023

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Brukarar med tenester	448	466	500	510	531	734	878	946	951	929	1024	1023
Tal tenester	1760	1923	2185	2185	2506	2820	3199	3626	3675	3716	4212	5447
Tal vedtak									732	952	924	874
E-meldingar	0	2283	9201	13 097	14 186	14 374	14 374	16 605	18 346	21 535	21 185	20 834

Tal brukarar på tenesteområde

Tenesteområder	Tal brukarar 2019	2020	2021	2022	2023
Storkjøkkenet	182	192	178	184	168
Heimesjukepleie	307	321	300	299	311
Brukarstyrt personleg ass. (BPA)	8	9	10	11	8
Aktivisering av eldre og funksjonshemma, dagtilbod	70	59	51	61	66
Praktisk bistand	211	215	187	188	194
Bukollektiv korttid/langtid	98	134	105	109	85
Rehabilitering	44	35	36	35	54
Psykisk helse og rusteneste	259	263	230	291	
Kingelvenen	13	13		13	
Løkevegen bufellesskap	13	13	12	14	10
Avlastning barn	13	15	12	19	18
Støttekontakt	63	60	58	59	57
Bufellesskap for funksjonshemma	14	15	15	15	15
Institusjon	11	13	11	11	16
Avlastning eldre	5	4	1	7	7
Psykisk helse barn/unge	103	73	59	95	67

Tal brukarar og timetal 2023

Teneste	2021	2022	2023
Brukarstyrt personleg assistanse brukarar	10	8	8
Timetal per veke	359 timar	279 timar	289 timar
Praktisk bistand/opplæring brukar	122	104	114

Teneste	2021	2022	2023
Prakisk bistand/opplæring timetal per veke	2 716 timar	2 267 timar	2 380 timar
Heimesjulepleie brukarar	200	214	223
Heimesjulepleie timetal per veke	2 202 timar	1 822 timar	2 021 timar

Kostratal Pleie og omsorg 2023

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Ulstein	Sula	Kostragruppe 1	Landet utan Oslo
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester pr.innbyggjar	kr	32 764	33 072	37,620	39 874	37 784
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar	Årsverk	274,4	329,5	346,2	346,1	328,5
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunen sin samla netto driftsutgifter	%	33,8	29,7	37,2	36,8	35,7
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helseutdanning	%	78,1	76,0	76,9	78,7	77,5
Årsverk per brukar av omsorgstenester	Årsverk	0,78	0,51	0,62	0,52	0,59
Andel innbyggjarar 80 år og over som brukar heimetenester	%	31,1	32,4	42,8	29,6	27,2
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	%	31,3	51,8	45,7	51	48,9
Andel innbyggjarar 80 år og over som bur ved institusjon	%	1,3	7,2	3,1	8,9	9,9
Andel brukartilpassa einarom med eige bad/wc	%	100	100	100	95,2	94,8
